

Vedlegg 3: Selskapsomtalar

## **Statlege selskap og føretak med sektorpolitiske mål**

Ei kartlegging av styringshøve og faktisk bruk av verkemiddel

Difi rapport 2011:5

## **Innhald**

<b>Aksjeselskap</b> .....	<b>3</b>
Avinor AS .....	3
Bjørnøen AS .....	7
Den Norske Opera & Ballett AS .....	8
Electronic Chart Centre AS .....	10
Gassco AS .....	12
Kings Bay AS .....	14
Nationaltheatret AS .....	16
Norsk Egedomsinformasjon AS .....	18
NRK AS .....	21
Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste AS .....	24
NSB AS .....	26
Petoro AS .....	30
Posten Norge AS .....	33
Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS .....	36
Uninett AS .....	39
Universitetssenteret på Svalbard AS .....	42
<b>Statsføretak</b> .....	<b>45</b>
Enova SF .....	45
Gassnova SF .....	48
SIVA SF .....	51
Statkraft SF .....	53
Statnett SF .....	56
Statskog SF .....	59
<b>Særlovsselskap</b> .....	<b>62</b>
AS Vinmonopolet .....	62
Innovasjon Noreg .....	65
Norfund .....	68
Norsk Tipping AS .....	71
<b>Dei regionale helseføretaka</b> .....	<b>74</b>

## Aksjeselskap

### Avinor AS

#### Generelt om verksemda

Avinor AS vart skipa 1. januar 2003 ved omdanning av forvaltingsbedrifta Luftfartsverket til eit statleg aksjeselskap. Samferdsledepartementet tar hand om forvaltinga av eigarskapen.

Avinor har ansvar for å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for sivil sektor, og ei samla flysikringsteneste både for sivil og militær sektor. Ansvarer omfattar 46 lufthamner i Noreg, i tillegg til kontrolltårn, kontrollsentralar og annan teknisk infrastruktur for sikker flynavigasjon. Dei lufthamnene Avinor har ansvaret for, stod i 2008 føre 96 prosent av passasjertrafikken på norske lufthamner. Hovudføremålet med staten sin eigarskap er å oppfylle sektorpolitiske mål (sjå føremålsparagrafen nedanfor).

#### Vedtektene sin føremålsparagraf

Selskapet sitt samfunnsoppdrag er å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for den sivile sektoren, og ei samla flysikringsteneste for den sivile og militære sektoren. Eigaren avgjer kva for lufthamner selskapet skal drive.

Verksemda skal drivast på ein sikker, effektiv og miljømessig god måte, og syte for godt tilgjenge for alle grupper av reisande.

Selskapet skal i størst mogeleg grad vere sjølvfinansiert gjennom inntekter frå hovudverksemda og anna forretningsverksemd knytt til lufthamnene. Internt i verksemda skal det skje ei samfinansiering mellom bedriftsøkonomisk lønsame og ulønsame einingar.

Verksemda kan drivast av selskapet sjølv, av heileigde dotterselskap eller gjennom andre selskap det har eigardelar i eller samarbeider med.

Selskapet skal drive med samfunnsplågte oppgåver slik dette er fastlagt av eigar.

Avinor er organisert som eit konsern som er samansett av morselskapet Avinor AS med følgjande dotterselskap: Oslo Lufthavn AS, Oslo Lufthavn Eiendom AS, Avinor Parkeringsanlegg AS, Flesland Eiendom AS, Værnes Eiendom AS og Sola Hotel Eiendom AS. Konsernet hadde i 2009 vel 2900 tilsette. Driftsinntektene var 7356 mill. kroner. Konsernet hadde eit overskot etter skatt på 605 mill. kroner i 2009 mot 765 millioner kroner i 2008.

Dei fleste lufthamnene er bedriftsøkonomisk ulønsame. Overskot frå bedriftsøkonomisk lønsame lufthamner vert brukt til å dekkje tap ved dei ulønsame einingane. Selskapet er i hovudsak sjølvfinansiert gjennom inntekter frå hovudverksemda og kommersiell verksemd knytt til dei største lufthamnene.

Det vart ikkje delt ut utbytte for 2009. Gjennomsnittleg del av utbyttet dei siste fem åra er 26 prosent.

### **Regulering og tilsyn**

Arbeidet til Avinor er regulert i Luftfartslova,<sup>1</sup> forskrifter og konsesjonar og ulike godkjenningar. Samferdsledepartementet har konsesjonsmyndigheit. Tidlegare hadde Avinor ein felles konsesjon for alle lufthamnene i selskapet. Denne konsesjonen vart i 2007 erstatta av ein særskild konsesjon for kvar enkelt lufthamn.

Drifta av lufthamnene vert finansiert gjennom brukarbetaling i form av avgifter og kommersielle inntekter frå forretningsverksemd knytt til lufthamnene. Dei kommersielle inntektene utgjer nær halvparten av dei totale inntektene. Avgiftene vert fastsett med heimel i Luftfartslova. Avgiftene vert fastsett av Samferdsledepartementet.

Verksemda til Avinor er mål for omfattande regulering òg gjennom internasjonale avtalar og konvensjonar, særleg når det gjeld tryggleik. Den som grip mest inn i drifta, er EØS-avtala. Samferdsledepartementet har som overordna reguleringsmyndigheit delegert ansvaret for teknisk operativt regelverk til Luftfartstilsynet. Luftfartstilsynet er òg tilsyns- og kontrollmyndigheit. Samferdsledepartementet er klageinstans for vedtak som er fatta av Luftfartstilsynet.

EFTA sitt overvaksningsorgan ESA kontrollerer gjennomføringa og praktiseringa av reglane i EØS-avtala som som gjeld luftfart og Avinor si verksemd. ESA har kompetanse til å gjennomfører inspeksjonar i medlemslanda.

### **Finansiering**

Avinor har enkelte år fått tilskot over statsbudsjettet for å dekkje underskot ved dei regionale lufthamnene. Slike tilskot vart gjeve i 2003 og 2004, men ikkje i perioden 2006-2008. Stortinget løyvde i 2009 eit ekstraordinært investeringstilskot på 150 mill. kroner. Tilskotet var eit element i ein større tiltakspakke med utgangspunkt i ei vurdering av selskapet sin økonomiske situasjon. Avinor fekk, i tillegg til det ekstraordinære tilskotet, innvilga utbyttefritak og avdragsfridom for eit statleg lån. Løyvingane er grunngjeve med store investeringsbehov.<sup>2</sup> Ein tilsvarande tiltakspakke med 50 mill. kr i investeringstilskot og utbyttefritak og avdragsfridom vart sett i verk i 2010.<sup>3</sup> I Prop 1 S (2010-2011) går det fram at det ikkje vert gjort framlegg om statlege tilskot til Avinor i 2011.

Dotterselskapet Oslo Lufthavn AS, som står for drifta av Oslo lufthamn, Gardermoen, har eit statslån. Lånet vart etablert i samband med at Gardermoen vart bygd ut som hovudflyplass for Oslo-området på 1990-talet. Restgjelda på statslånet utgjorde 5,6 milliardar kroner ved utgangen av 2010. Avinor fekk avdragsfritak på dette lånet i 2009 og 2010 som eit ledd i støttepakken for selskapet desse åra. Avinor og forgjengaren forvaltningsbedrifta Luftfartsverket har elles tradisjonelt sett vore sjølvfinansiert. Avinor står imidlertid overfor store investeringer

---

<sup>1</sup> Lov 1993-06-11 nr 101: Lov om luftfart.

<sup>2</sup> Jf. St.prp. nr. 91 (2008-2009).

<sup>3</sup> Jf. St.prp. nr. 1 (2009-2010).

dei neste åra. Det er lagt opp til at desse investeringane skal finansierast i marknaden, og Avinor tok i 2009 opp eit obligasjonslån på 1,5 milliarder kroner. Lånet er notert på Oslo Børs. I vedtektene har eigaren avgrensa kor mye Avinor kan låne. Eigenkapitalen skal minst utgjere 40 prosent av summen av eigenkapitalen og bokførte renteberande langsiktige lån.

### **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

Samferdsledepartementet har utarbeidd egne retningslinjer for forvaltning av staten sine eigarinteresser i Avinor AS.<sup>4</sup> Retningslinjene utgjør, saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter<sup>5</sup>, grunnlaget for Samferdsledepartementet sin styringspraksis.

### **Generalforsamling**

Departementet sin styrings- og kontrollmyndigheit vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting i generalforsamlinga.

### **Styret og styret si samansetjing**

Styret i Avinor har ni medlemmer, tre av desse er vald av og blant dei tilsette i samsvar med aksjelova sine føresegner. Tenestetida til styremedlemmene er to år. Selskapet har ikkje bedriftsforsamling.

Det er innarbeidd ei føresegn i vedtektene om at styret kvart år skal evaluere arbeidet sitt og kompetansen sin.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Vedtektene inneheld føresegner om at styret pliktar å leggje fram for samferdsleministeren alle saker som kan tenkjast å vere av vesentleg samfunnsmessig eller prinsipiell interesse, under dette saker om heil-/delprivatisering av basisverksemd.

Det er vidare vedtektsfesta at styret kvart år skal leggje fram for samferdsleministeren ein plan for verksemda, med dotterselskap, som skal omfatte følgjande:

- ei statusskildring av marknaden og konsernet, under dette utviklinga i konsernet sidan den førre planen vart lagt fram.
- hovudtrekka ved konsernet si verksemd dei komande år, under dette større omorganiseringar, vidareutvikling og avvikling av eksisterande verksemdar og tenester og utvikling av nye.
- konsernet sitt investeringsnivå, vesentlege investeringar og finansieringsplanar
- ei vurdering av den økonomiske utviklinga i planperioden
- ein rapport om tiltak og resultat når det gjeld selskapet sine samfunnsoppdrag, samfunnspålagte oppgåver og samfunnsansvar.

Styret skal leggje fram for samferdsleministeren vesentlege endringar i slike planar som er lagt fram tidlegare.

---

<sup>4</sup> Retningslinjer for forvaltning av Samferdsledepartementet sine eigarinteresser i Avinor AS (november 2010).

<sup>5</sup> Jf vedtekter med dei seinaste endringane av juni 2010.

**Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det vert halde fire kontaktmøte kvart år mellom selskapet og departementet. I tillegg vert det frå og med 2010 halde eit eige møte om samfunnsansvar. Møta er av reint orienterande karakter. Møta vert halde på administrativt nivå i departementet. I samband med ordinær generalforsamling vert det halde eit møte mellom samferdsleministeren og heile styret i Avinor AS. Dersom det er naudsynt, vert det halde andre møte på ulike nivå mellom departementet og selskapet om saker som er viktige for partane.

**Rapportering til Stortinget**

Avinor si verksemd vert omtalt i Samferdsledepartementet sin budsjettproposisjon kvart år. Det vert i tillegg lagt fram stortingsmeldingar om verksemda. Tidligere var regelen at meldingane skulle leggjast fram annakvart år. Frå og med 2009 tar ein sikte på å leggje fram ei slik melding normalt ein gong pr. stortingsperiode.<sup>6</sup> Avkastningskrav og utbytepolitikk vert omtalt i stortingsmeldinga om verksemda selskapet driv og i dei årlege budsjettproposisjonane til Stortinget. Løyvinga om årleg utbyte vert vedteke av Stortinget i samband med handsaminga av budsjettproposisjonane frå Samferdsledepartementet.

---

<sup>6</sup> Jf. St. meld. nr. 48 (2009-2010).

## **Bjørnøen AS**

### **Generelt om verksemda**

Bjørnøen AS eig all grunn og nokre kulturhistoriske eigedomar på Bjørnøya. Den norske staten overtok selskapet i 1932. Selskapet vart i 1967 administrativt underlagt Kings Bay, som òg leverer forvaltningstenester til selskapet. Selskapet har ikkje egne tilsette. Nærings- og handelsdepartementet forvaltar eigarskapen.

### **Vedtektene sin føremålsparagraf**

Bjørnøen AS har som føremål å drive og nytte selskapet sine eigedomar og anna verksemd i samband med dette.

Bjørnøya har ein strategisk viktig geografisk posisjon, midt mellom Noreg sitt fastland og Svalbard. Føremålet med staten sin eigarskap i Bjørnøen AS er å vareta norsk suverenitet gjennom eigdomsinnehav på Bjørnøya, som selskapet har heimel i.

Selskapet vert drive ut frå føresetnaden om at driftsrekneskapen skal gå i balanse. Selskapet deler ikkje ut utbyte.

### **Finansiering**

Bjørnøen AS har moderate inntekter frå utleige av grunn. I 2009 utgjorde utleigeinntektene 184 136 kroner. Driftskostnader utover dette vert dekkja av tilskot overført fra Kings Bay, og vert løyvd over statsbudsjettet. I 2009 utgjorde tilskotet 152 083 kroner. Vilkår for løyvinga, under dette kva for mål og resultatkrav som skal oppfyllest og korleis rapporteringa skal foregå, går fram av det årlege tildelingsbrevet frå NHD til Kings Bay AS.

### **Forvaltning av eigarskapen – eigarstyring**

Sjå omtalen av Kings Bay AS.

## Den Norske Opera & Ballett AS

### Generelt om verksemda

Den Norske Opera & Ballett vart stifta i 1957. Hovudverksemda til selskapet er å produsere og formidle opera og ballett av høg kvalitet. Selskapet vart skipa som eit heileigd statleg aksjeselskap i 2008. Selskapet hadde fram til dess vore organisert som eit deleigd statleg aksjeselskap.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Hovudverksemda til selskapet er å produsere og formidle opera og ballett av høg kvalitet til eit breitt publikum

Staten sin eigarskap er historisk og har kulturelle årsaker. Eigarskapen vert forvalta av Kulturdepartementet.

Dei overordna måla for den statlege eigarskapen samsvarer med hovudmåla som er sett for scenekunstheltet:

- eit profesjonelt tilbod av teater-, opera og danseførestillingar og andre scenekunstuttrykk over heile landet
- høg kvalitet gjennom utvikling og fornying
- å nå heile befolkninga
- større mangfald
- effektiv ressursutnytting.

Den Norske Opera & Ballett AS vert finansiert gjennom salsinntekter og tilskot over statsbudsjettet. Selskapet vert styrt innanfor dei måla og rammene som vert skissert opp i stortingsmeldingar, årlege budsjettproposisjonar, tilskotsbrev og andre relevante styringsdokument. Selskapet deler ikkje ut utbytte.

Selskapet rapporterer om 607 årsverk i 2009. Staten sitt tilskot til drifta var i 2009 på vel 386 mill. kroner. Selskapet fekk i 2009 et årsoverskot på 25,3 mill. kroner.

### Finansiering

Det statlege driftstilskotet stod i 2009 for nærare 72,5 prosent av inntektene. Vilråra for bruk av statlege tilskot, under dette kva mål og resultatkrav som skal oppfyllast og korleis rapporteringa skal gjennomførast, går fram av det årlege tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet. Her vert det blant anna fastsett at:

”Den Norske Opera & Ballett må syte for at drifta er økonomisk forsvarleg, under dette at likviditeten er god, at bygningar og utstyr vert vedlikehalde, og at det vert satt av tilstrekkelege midlar til investeringar, samt til fri eigenkapital som trygging mot upårekna kostnads- og inntektssvingingar.

Utover ein eventuell kortsiktig driftskreditt kan institusjonen ikkje ta opp lån utan å leggje dette fram for departementet. Eit eventuelt opptak av driftskreditt må godkjennast av styret for institusjonen.”

Det vert halde egne budsjettmøte for rapportering om måloppnåing i høve til hovudmål og dei særskilte føresetnadene som er stilt for statstilskotet.

## **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

Kulturdepartementet har fastsett felles retningslinjer for eigarstyring av selskap under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde<sup>7</sup>. Departementet har som eit tillegg til desse utarbeidd særskilte reglar for departementet si eigarstyring av scenekunstinstitusjonane. Gjeldande retningslinjer utgjer saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter<sup>8</sup> grunnlaget for departementet si eigarstyring.

### **Generalforsamling**

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting på generalforsamlinga.

I departementet sine retningslinjer er det lagt til grunn at departementet ikkje skal blanda seg inn i avgjerder som ligg innanfor styret og dagleg leiar sitt fullmaktsområde, med mindre ei sak etter departementet si vurdering skal handsamast i samsvar med skriftleg instruks frå eigar eller vedtak i generalforsamlinga.

### **Styret og styret si samansetjing**

Selskapet vert leia av eit styre som har sju medlemmr, av desse vert fem oppnemnt av staten. To av styremedlemmene vert vald av og blant dei tilsette. Styreleiar og nestleiar vert oppnemnt av generalforsamlinga. Aksjonærvalde styremedlemmer vert oppnemnt for fire år. Dei tilsette sine representantar vert valde for to år.

Kulturdepartementet stiller krav om at styret må inneha følgjande kompetanse:

- interesse for og kjennskap til kulturfeltet
- forretnings-/bedriftsøkonomisk kompetanse
- juridisk/selskapsrettsleg kompetanse.

Det vert i tillegg lagt til grunn at styret sine medlemmer bør ha personleg integritet, vere samfunnsorienterte og ha kunnskap om/forståing for selskapet si samfunnsmessige rolle.

Departementet sine retningslinjer legg til grunn at styret foretar ei årleg eigenevaluering av sitt eige arbeid.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Styret har alminneleg opplysningsplikt i tråd med aksjelova sine føresegner.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det er ikkje etablert eit system for faste eigarmøte/kontaktmøte utover dei årlege budsjettmøta. Kontakten skjer på ad hoc basis i den grad det er naudsynt.

---

<sup>7</sup> Retningslinjer for eigarstyring av selskap mv. under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde (juli 2010).

<sup>8</sup> Vedtekter for Den Norske Opera & Ballett AS med dei seinaste endringane av av mai 2009.

## Electronic Chart Centre AS

### Generelt om verksemda

Electronic Chart Centre AS (ECC) vart skipa som aksjeselskap i 1999 ved utskiljing frå Statens kartverk. Selskapet skal bidra til nyskaping og drift av samfunnsnyttig infrastruktur ved å byggje opp ei internasjonal elektronisk sjøkartteneste for skipstrafikk og anna maritim verksemd. Nærings- og handelsdepartementet forvaltar eigarskapen.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Selskapet har til føremål å byggje opp og drive ei offisiell elektronisk sjøkartteneste for maritim verksemd og drive med verksemd knytt til dette, blant anna å samarbeide med, delta i eller opprette andre verksemdar som har naturleg samanheng med dette.

ECC samarbeider med andre selskap om å eksportere og realisere norske løysingar for auka sjøtryggleik og miljøsikringstiltak. Hovudmålet med staten sin eigarskap er å oppfylle Noreg sine plikter i tråd med internasjonale konvensjonar om tryggleik til sjøs, og dekkje samfunnet si trong for sikker navigering ved å forvalte og gjere tilgjengeleg tidshøvelege autoriserte elektroniske sjøkart, som vert produsert og eigd av nasjonale sjøkartverk over heile verda.

Verksemda til selskapet vert drive etter avtale med Sjøkartverket (Statens kartverk SJØ). ECC vert drive på eit bedriftsøkonomisk grunnlag. Selskapet får ikkje løyvingar over statsbudsjettet. NHD si styring, oppfølging og kontroll skjer gjennom forvaltninga av eigarskapen.

ECC hadde 15 tilsette ved utgangen av 2009. Driftsinntektene i 2009 var 20,8 mill. kroner. Årsresultat etter skatt gav i 2009 eit underskot på 0,6 mill. kroner, medan selskapet i 2008 hadde eit overskot på 3,7 mill. kroner. Selskapet delte ikkje ut utbytte i 2009. Gjennomsnittleg del av utbyttet dei siste fem åra til og med 2009: 35 prosent.

### Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring

NHD har utarbeidd retningslinjer utforma som ein generell instruks for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet<sup>9</sup>. Instruksen gjeld i utgangspunktet for alle selskap der staten ved NHD er aksjonær. Gjeldande instruks utgjer saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter<sup>10</sup> grunnlaget for departementet si eigarstyring.

### Generalforsamling

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting på generalforsamlinga.

<sup>9</sup> Jf. Instruks av 3. februar 2004 for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet.

<sup>10</sup> Vedtekter med dei siste endringane av 29. juni 2007.

**Styret og styret si samansetjing**

Selskapet har eit styre på fire medlemmer. Styret vert vald for to år om gongen. Leiar vert vald av generalforsamlinga. Dei tilsette har ingen representantar i styret.

Styret gjennomfører eigenevaluering. Departementet vert orientert om resultatet av evalueringa som eit ledd i arbeidet med å førebu styreval.

Arbeidet, kompetansen og samansetjinga til styret vert vurdert i ein grundig prosess ved førebuingar til styreval, som finn stad på selskapet si generalforsamling annankvart år. Etter tilrådde prinsipp for selskapsleiing, er møte med styreleiar og leiinga i selskapet ein del av prosessen med å vurdere arbeidet, samansetjinga og kompetansen til styret. I dei åra det ikkje er ordinært styreval, vert det gjort ei overordna vurdering av styret som eit ledd i førebuinga av generalforsamlinga. Vurderinga skjer på bakgrunn av utviklinga og resultatet til selskapet, og aktuelle saker.

**Styret si framleggingsplikt for eigar**

Selskapet har ingen føresegner i vedtektene som pålegg styret å leggje fram særskilde saker for generalforsamlinga før styret tar ei avgjerd.

**Kontakt mellom eigar, styret og administrasjonen**

Kontakt mellom departementet og styret skjer når det er trong for det, mellom anna i samband med førebuingar til styreval. Det er ikke oppretta rutiner for faste formelle møte mellom eigar og styret utanom generalforsamlinga.

Selskapet sin administrasjon er med på kontaktmøte med departementet.

**Resultatoppfølging og kontroll**

Informasjonen fra selskapet som skal utgjere grunnlaget for resultatoppfølging og kontroll, vert i hovudsak gjeve gjennom årsrapportar som er utarbeidd i samsvar med krava i rekneskapslova, og delårsrapportar. Departementet får samtidig opplysningar gjennom direkte kontakt med leiinga og ved å vitje bedrifter. Departementet får ikkje kopi av styreprotokollar og andre styredokument.

## **Gassco AS**

### **Generelt om verksemda**

Gassco AS er operatør for gassrørleidningar og transportrelaterte gasshandsamingsanlegg. Eigarskapen vert forvalta av Olje- og energidepartementet. Selskapet vart stifta av Olje- og energidepartementet i 2001 og overtok operatøransvaret for transport av all gass frå den norske kontinentalsokkelen frå 1. januar 2002. Før dette vart gasstransporten utført av fleire selskap.

Skipinga av Gassco var ein del av den omfattande reorganiseringa av den norske olje- og gasssektoren som fant stad rundt 2001.<sup>11</sup> Føremålet med staten sin eigarskap er å medverka til ei samla effektiv utnytting av ressursane på kontinentalsokkelen. Gassco er pålagt å stå til teneste for alle gassprodusentar og å opptre nøytralt overfor desse. Selskapet skal medverka til ei effektiv utnytting av ressursane på sokkelen og til vidareutvikling av transportsystemet for naturgass.

Transportsystemet vert eigd av eit interessentskap mellom selskap som produserer gass på norsk sokkel. Gassco utfører aktivitetar på vegner av interessentskapet for deltakarane si rekning og risiko. Det skjer inga inntening i selskapet.

Selskapet hadde 323 tilsette ved utgangen av 2009.

### **Regulering**

Gassco AS sitt operatøransvar vert handheva i medhald av Petroleumslova og forskriftene som høyrer til.<sup>12</sup>

### **Finansiering**

Selskapet si verksemd vert fullt ut finansiert gjennom brukarbetaling ved at selskap som ynskjer å transportere gass betalar transporttariffar som gjev investeringane i transportsystemet ei rimeleg avkastning.

Staten har ingen inntekter eller utgifter knytt til eigarskapen.

### **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

OED har fastsett særskilde retningslinjer for departementet si forvaltning av eigarinteressene i Gassco AS.<sup>13</sup> Retningslinjene utgjer, saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter, grunnlaget for departementet si styring.

### **Generalforsamling**

Eigarstyringa skjer i generalforsamling.

### **Styret og styret si samansetjing**

Gassco AS har eit styre på 8 medlemmer. 5 medlemmer, mellom dei styret sin leiar og nestleiar, vert valde av generalforsamlinga. 3 medlemmer vert valde av og

---

<sup>11</sup> Jf. St.prp. nr. 36 (2000-2001) og Innst. S. nr. 198 (2000-2001).

<sup>12</sup> Årsmelding 2009.

<sup>13</sup> Retningslinjer for Olje- og energidepartementet si forvaltning av eigarinteressene i Gassco AS.

mellom dei tilsette i samsvar med aksjelova si føresegn om dei tilsette sin rett til å vere representert i styre i aksjeselskap.

OED legg i si styring av selskapet vekt på at Gassco AS skal ha eit profesjonelt og aktivt styre samansett av personar med stor samfunnsmessig innsikt og yrkesmessig erfaring på eit overordna nivå.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Styret har alminnelig opplysningsplikt i tråd med aksjelova sine føresegner.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Møte med styre og administrasjon går inn som ein viktig del av departementet si eigaroppfølging. I tillegg til generalforsamlinga vert det halde følgjande møte:

- Eigarmøte: 2-4 gongar i året.
- Møte mellom departementet og styret.
- Møte om drift og utvikling av gasstransportsystemet.

Eigarmøta er, i tillegg til generalforsamlinga, ein viktig del av den formelle eigaroppfølginga. Det vert halde 2-4 eigarmøte i året. Andre møte vert halde når det er trong for det.

### **Rapportering til Stortinget**

OED legg med jevne mellomrom fram ei stortingsmelding om petroleumsverksemda. Meldinga inneheld ei omtale av staten sine verkemidlar i petroleumsverksemda. Meldinga vil vanlegvis òg femne om verksemda til Gasscos.

## Kings Bay AS

### Generelt om verksemda

Kings Bay AS eig grunn og det meste av bygningar og anlegg i Ny-Ålesund. Selskapet har ansvar for å tilretteleggje infrastrukturen på staden, og for å videreutvikle Svalbard og Ny-Ålesund som plattform for internasjonal polarforskning. Nærings- og handelsdepartementet forvaltar eigarskapen.

### Vedtektene sin føremålsparagraf<sup>14</sup>

Kings Bay sitt føremål er drift og utnytting av selskapet sine eigedommar på Svalbard og anna verksemd i samband med dette. Selskapet si verksemd skal særleg ha som mål å yte tenester til og fremje forskning og vitenskapelig verksemd, samt bidra til å utvikle Ny-Ålesund som ein internasjonal arktisk naturvitskapeleg forskingsstasjon.

Kings Bay AS vart stifta i 1916. Utviklinga av den internasjonale forskingsaktiviteten har særleg skjedd i løpet av siste 20-årsperiode. Føremålet med staten sin eigarskap er å medverka til at Ny-Ålesund vert utvikla i samsvar med dei overordna måla for norsk Svalbard-politikk.

Kings Bay AS har leigd ut delar av anlegga og bygningane sine til ei rekkje norske og utanlandske forskingsinstitusjonar. Det er lagt vekt på at selskapet står fram som ein nøytral tilretteleggjar av infrastrukturtenester for dei ulike forskingsmiljøa på staden, slik at ein tryggjer både norske og utanlandske interesser.

Kings Bay vert drive ut frå eit mål om at driftsrekneskapen skal gå i balanse. Selskapet deler ikkje ut utbyte. Kings Bay AS tar òg hand om forvaltninga av Bjørnøen AS, og dei to selskapa har identiske styre.

Kings Bay AS får løyvingar over statsbudsjettet ved at større investeringar og ekstraordinære kostnader som kjem på som følgje av dei særlege pliktene selskapet har, vert dekkja av tilskot frå staten. Delar av statstilskotet til Kings Bay AS vert overført til drift av Bjørnøen AS.

Selskapet hadde 26 tilsette ved utgangen av 2009. Samla driftsinntekter i 2009 var 49,6 mill. kroner. Selskapet hadde eit negativt årsresultat på 134 141 kroner.

### Finansiering

Tilskotet til drift og investeringar var i 2009 16,4 mill. kroner.

Vilkåra for løyvinga, under dette kva for mål og resultatkrav som skal stettast og korleis rapporteringa skal gå føre seg, går fram av det årlege tildelingsbrevet frå NHD til Kings Bay AS.

### Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring

NHD har utarbeidd ein generell instruks for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet<sup>15</sup>. Instruksjonen gjeld i

<sup>14</sup> Vedtekter med dei seinaste endringane av 22. mai 2007.

<sup>15</sup> Jf. Instruks av 3. februar 2004 for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet.

utgangspunktet alle selskap der staten ved NHD er aksjonær. Det ligg ikkje føre nokon særskild for departementet si styring og oppfølging av eigarskapen i Kings Bay AS. Forvaltinga av eigarskapen følgjer aksjelov, regnskapslov mv.

Kings Bay AS har ein dialog med NHD i samband med budsjettprosessen og tildelingsbrevet. Tildelingsbrevet til Kings Bay inneheld relativt detaljerte skildringar av føresetnadene for bruken av tilskotet, og blir oppfatta som viktige styringsreidskap.

### **Styret og styret si samansetjing**

Selskapet har eit styre på fem medlemmer. Styret vert vald for to år om gongen. Leiar vert vald av generalforsamlinga. Dei tilsette har ingen representantar i styret. Styret gjennomfører eigenevaluering.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Selskapet har ingen føresegner i vedtektene som pålegg styret å leggje fram særskilte saker for generalforsamlinga før styret tek si avgjerd.

### **Kontakt mellom eigar, styret og administrasjonen**

Kontakt mellom departementet og styret skjer når det trengst, blant anna i samband med førebuingar til styreval. Det er ikkje etablert rutiner for faste formelle møte mellom eigar og styret utanom generalforsamlinga.

Styreleiar er med på kontaktmøte med departementet. Dette har praktiske årsaker, då administrasjonen er lokalisert til Ny Ålesund.

### **Resultatoppfølging og kontroll**

Informasjon fra selskapet som grunnlag for resultatoppfølging og kontroll vert hovudsakeleg gjeve gjennom årsrapportar som er utarbeidd i samsvar med krava i rekneskapslova, og gjennom delårsrapportar. Departementet får òg opplysningar gjennom direkte kontakt med leiinga og ved vitjingar i bedrifta. Departementet får ikkje kopi av styreprotokollar og andre styredokument.

Selskapet rapporterer særskilt om bruken av statlege løyvingar.

## Nationaltheatret AS

### Generelt om verksemda

Nationaltheatret AS er det største teateret i Noreg. Selskapet har som føremål å drive teaterverksemd, med eit særleg ansvar for å ta hand om nasjonale kulturpolitiske interesser innanfor scenekunstrområdet. Teateret har vore organisert som eit heileigd statleg aksjeselskap sidan 1999.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Nationaltheatret er eit aksjeselskap som har som føremål å drive teaterverksemd. Selskapet har eit særleg ansvar for å ta hand om nasjonale kulturpolitiske interesser innanfor scenekunstrområdet.

Staten sin eigarskap har historiske og kulturelle årsaker. Eigarskapen vert forvalta av Kulturdepartementet.

Dei overordna måla for den statlege eigarskapen høver i hop med hovudmåla som er sett for scenekunstfeltet:

- eit profesjonelt tilbod av teater-, opera-, danseframføringar og andre scenekunstuttrykk over heile landet
- høg kvalitet gjennom utvikling og fornying
- å nå alle innbyggjarane
- større mangfald
- effektiv ressursutnytting.

Nationaltheatret AS vert finansiert gjennom salsinntekter og tilskot over statsbudsjettet. Selskapet vert styrt innanfor dei mål og rammer som vert skissert i stortingsmeldingar, årlege budsjettproposisjonar, tilskotsbrev og andre relevante styringsdokument. Selskapet deler ikkje ut utbyte.

I 2009 svarte sysselsetjinga ved teateret til 241 årsverk. Samla driftsinntekter var 188 mill. kroner. Årsresultatet viste eit underskot på 0,7 mill. kroner.

### Finansiering

Dei statlege tilskota sto i 2009 for vel 75 prosent av inntektene.

Føresetnadene for bruken av statlege tilskot, under dette kva for mål og resultatkrav som skal stettast og korleis rapporteringa skal skje, går fram av det årlege tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet. Her vert det m.a. slått fast følgjande:

”Nationaltheatret må syte for at drifta er økonomisk forsvarleg, under dette at likviditeten er god, at ein syter for vedlikehald av bygningar og utstyr, og at det vert avsett nok midlar til investeringar, og til fri eigenkapital som trygging mot upårekna kostnads- og inntektssvingingar.

Utover eventuell kortsiktig driftskreditt kan institusjonen ikkje ta opp lån utan å leggje dette fram for departementet. Institusjonen sitt styre må godkjenne eit eventuelt opptak av driftskreditt.”

Det vert halde egne budsjettmøte for rapportering om måloppnåing i høve til hovudmåla og dei særskilde vilkåra som er stilt for statstilskotet.

## **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

Kulturdepartementet har vedteke felles retningslinjer for eigarstyring av selskap som ligg under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde<sup>16</sup>. Departementet har som eit tillegg til desse utarbeidd særskilde reglar for departementet si eigarstyring av scenekunstinstitusjonane. Gjeldande retningslinjer danner saman med aksjelova og vedtektene til selskapet<sup>17</sup> grunnlaget for departementet si eigarstyring.

### **Generalforsamling**

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting på generalforsamlinga.

I departementet sine retningslinjer er det lagt til grunn at departementet ikkje skal blanda seg inn i avgjerder som ligg innanfor styret og dagleg leiar sitt fullmaktsområde, med mindre ei sak etter departementet si vurdering skal handsamast i samsvar med skriftleg instruks frå eigar eller vedtak i generalforsamlinga.

### **Styret og styret si samansetjing**

Selskapet vert leia av eit styre som har sju medlemmer, fem av desse er oppnemnt av staten. To styremedlemmer vert valde av og blant dei tilsette. Styreleiar og nestleiar vert oppnemnt av generalforsamlinga. Aksjonærvalde styremedlemmer vert oppnemnt for fire år. Dei tilsette sine representantar vert valde for to år.

Kulturdepartementet stiller krav om at styret må sitje inne med fylgjande kompetanse:

- interesse for og kjennskap til kulturfeltet
- forretnings-/bedriftsøkonomisk kompetanse
- juridisk/selskapsrettsleg kompetanse.

Det vert i tillegg lagt til grunn at styret sine medlemmer bør ha personleg integritet, vere samfunnsorienterte og ha kunnskap om/forståing for selskapet si samfunnsmessige rolle.

Departementet sine retningslinjer legg til grunn at styret gjennomfører ei årleg eigevaluering av eige arbeid.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Styret har alminneleg opplysningsplikt i tråd med føresegnene i aksjelova.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det er ikke oppretta eit system for faste eigarmøte/kontaktmøte utover dei årlege budsjettmøta. Kontakten skjer på ad hoc basis i den grad det er naudsynt.

---

<sup>16</sup> Retningslinjer for eigarstyring av selskap mv. under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde (juli 2010).

<sup>17</sup> Vedtekter for Nationaltheatret AS med dei seinaste endringane av april 2004.

## Norsk Egedomsinformasjon AS

### Generelt om verksemda

Norsk Egedomsinformasjon as (NE) vart stifta i 1987. Selskapet var opphavelig eigd av Statens datasentral AS og AL Kommunedata. I 1992 overtok Staten ved Justisdepartementet selskapet, og NE har etter dette vore eit heileigd statleg aksjeselskap. NE skal på ein sikker måte syte for drift, forvaltning og utvikling av system for tinglysing i fast egedom og i burettsandelar. Vidare skal selskapet på ein kostnadseffektiv og sikker måte gjere påliteleg og relevant kart- og egedomsinformasjon tilgjengeleg for verdiskaping og bruk. Forvaltninga av eigarskapen vart overført til Nærings- og handelsdepartementet med verknad frå 1. juli 2010.

### Vedtektene sin føremålsparagraf<sup>18</sup>

Selskapet sitt føremål er å drive og å vidareutvikle Egedomsregisteret (EDR) og anna verksemd knytt til dette. Selskapet skal utføre oppgåver av samfunnsmessig verdi for å sikre drift, vedlikehald og systemutvikling av Grunnboka.

I samsvar med avtaler med Justisdepartementet og Statens kartverk har NE hatt einerett og plikt til å formidle informasjon frå Grunnboka og Matrikkelen. Selskapet har òg hatt einerett på å formidle grunnleggjande kartinformasjon fra Statens kartverk.

Infoland er NE sin eigenutvikla handelsplass på Internett. Systemet gjer det mogeleg å bestille informasjonsprodukt frå kommunar, burettslag og andre informasjonsleverandørar direkte. Infoland har knytt til system for teljing, autorisasjon og fakturering. Handelsplassen Infoland er òg tilpassa Stortinget sin føresetnad om at NE skal tilby formidlingstenester til den kommersielle marknaden for Norge digitalt-partane<sup>19</sup>.

NE vart omfatta av den nye offentlegheitslova då denne vart sett i verk 1. januar 2009. Selskapet har tilpassa sine rutiner til dei krav lova stiller til journalføring og til dokumentasjon på prisfastsetjing på selskapet sine informasjonsprodukt mv.

Offentlighetsloven inneheld eit forbod mot den type einerettar på tilgjenge til offentleg informasjon som NE baserer mykje av verksemda si på. I samband med dette har Justisdepartementet gjort greie for mogelege framtidige organiseringar av NE, og regjeringa har no lagt Justisdepartementet si tilråding til grunn. Dette inneber at NE skal vidareførast utan einerettar frå 1. januar 2011. NE vil frå då av vere i full konkurranse med andre distributørar av egedomsinformasjon.

NE hadde 70 tilsette ved utgangen av 2009. Desse fordeler seg mellom hovudkontoret i Oslo og avdelingskontor i Bergen og Hønefoss. I 2009 var årsresultatet etter skatt 9,6 millionar kroner ned frå 13,4 millionar kroner i 2008.

<sup>18</sup> Føremålsparagrafen er foreløpig ikkje justert som følge av at selskapet sin posisjon er endra frå 1.1.2011.

<sup>19</sup> Jf. St.meld. nr. 30 (2002-2003).

Resultatutviklinga er prega av at det i slutten av 2009 var lågare aktivitet i eigedomsmarknaden på grunn av uvisse i samband med finansuroa. Selskapet betalte eit utbyte på 7,7 millionar kroner (80 prosent) for 2009. Gjennomsnittleg utbytteprosent dei siste fem åra har vore 80.

### **Forvaltinga av eigarskapen – eigarstyring**

NHD har utarbeidd retningsliner i form av ein generell instruks for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet<sup>20</sup>. Instruksen gjeld i utgangspunktet alle selskap der staten ved NHD er aksjonær. Gjeldande instruks utgjer saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter<sup>21</sup>, grunnlaget for eigarstyringa til departementet.

### **Generalforsamling**

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting på generalforsamlinga.

### **Styret og styret si samansetjing**

Selskapet har eit styre på sju medlemmer, og aksjonærane vel fem av dei. Styret vert vanlegvis vald for to år om gongen, men på ordinær generalforsamling 2010 vart styremedlemmene som var på val berre valde for eitt år for at heile styret skal vere på val samtidig i framtida. Styret sin leiar og nestleiar vert valde av generalforsamlinga. Dei tilsette vel to representantar til styret.

Sidan forvaltinga av eigarskapen vart overført til NHD 1. juli 2010 har ikkje dette departementet stått for valførebuingane til styret enda. Det vert lagt opp til å fylgje departementet sine generelle retningsliner for valførebuingane. Dei går i hovudtrekk ut på at arbeidet, kompetansen og samansetjinga til styret vert vurdert i ein grundig prosess under førebuingane til styreval som skjer på selskapet si generalforsamlinga annakvart år. Etter tilrådde prinsipp for selskapsleiing inngår møte med styreleiaren og leiinga i selskapet i prosessen med å vurdere arbeidet, samansetjinga og kompetansen til styret. I dei åra det ikkje er ordinært styreval, vert det gjort ei overordna vurdering av styret som eit ledd i førebuinga av generalforsamlinga. Vurderinga skjer på bakgrunn av selskapet si utvikling og resultat samt aktuelle saker.

### **Styret si framleggjingsplikt for eigar**

Selskapet sine vedtekter slår fast at selskapet ikkje har høve til å ta opp lån på annan måte enn ved bruk av ordinær kassekreditt. Rammene for slik kassekreditt vert fastsett av generalforsamlinga<sup>22</sup>. Utover dette er det ingen føresegner i vedtektene om å leggje fram bestemte saker for generalforsamlinga før styret tar si avgjerd.

---

<sup>20</sup> Jf. Instruks av 3. februar 2004 for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet.

<sup>21</sup> Vedtekter med dei seinaste endringane av 19. mai 2010.

<sup>22</sup> Føresegna vil verte nærare vurdert når dei nye vilkåra for NE si verksemd er endeleg klarlagt.

**Kontakt mellom eigar, styret og administrasjonen**

Kontakt mellom departementet og styret skjer når det trengst. Det er ikke oppretta rutiner for faste formelle møte mellom eigar og styret utanom generalforsamlinga. Selskapet sin administrasjon er med på kontaktmøte med departementet.

**Resultatoppfølging og kontroll**

Informasjon frå selskapet som grunnlag for resultatoppfølging og kontroll skjer i hovudsak gjennom årsrapportar som er utarbeidd i samsvar med krava i rekneskapslova, og delårsrapportar. Departementet får samtidig opplysningar gjennom direkte kontakt med leiinga og ved vitjingar i bedrifta. Departementet får ikkje kopi av styreprotokollar og andre styredokument.

## NRK AS

### Generelt om verksemda

NRK vart skipa som eit heileigd statleg aksjeselskap i 1996. Verksemda har tidlegare vore organisert som forvaltingsbedrift (fram til 1988) og som stifting (frå 1988 til 1996). Eigarskapen vert forvalta av Kulturdepartementet.

NRK AS har eit omfattande samfunnsoppdrag som lisensfinansiert, reklamefri allmennkringkastar. Hovudoppgåvene til selskapet er å produsere og formidle allmennkringkasting i radio og fjernsyn og andre viktige medieplattformer.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

NRK sitt føremål er å tilby allmennkringkasting for alle innbyggjarane i Noreg i radio og fjernsyn og på øvrige medieplattformer.

Føremålet med staten sin eigarskap er å syte for ei grunnleggjande og brei allmennkringkasting som kan dekkje behov av samfunnsmessig, demokratisk og kulturell karakter. Rammene for selskapet går fram av kringkastingslova<sup>23</sup> og selskapet sine vedtekter<sup>24</sup>. Samfunnsoppdraget NRK har som allmennkringkastar er konkretisert i del II i vedtektene.

NRK er organisert som eit konsern som omfattar morselskapet NRK AS og dotterselskapet NRK Aktivum AS. NRK Aktivum vert drive på kommersielt grunnlag. Det er eit klart rekneskapsmessig og driftsmessig skilje mellom NRK sitt samfunnsoppdrag og den kommersielle verksemda som vert drive i NRK Aktivum.

Samfunnsoppdraget vert finansiert gjennom kringkastingsavgifta og overskot frå den kommersielle verksemda. Kringkastingsavgifta vert fastsett av Stortinget ut frå ei målsetjing om at NRK skal levere eit resultat i balanse. Selskapet deler ikkje ut utbytte.

NRK-konsernet hadde ved utgangen av 2009 vel 3500 tilsette. Driftsinntektene i 2009 var på 4568 mill. kroner, ein auke på vel 200 mill. kroner i høve til 2008. Årsresultat etter skatt i 2009 viste eit underskot på 28 mill. kroner. Dei kommersielle inntektene gav eit samla bidrag til programverksemda på ca. 100 mill. kroner i 2009.

### Regulering

Hovudprinsippa for NRK si organisering og drift er heimla i kringkastingslova. Selskapet sitt føremål og moglegheitene til å drive kommersiell verksemd er regulert i kringkastingslova sitt kapittel 6. Lova slår fast at:

- Norsk rikskringkasting AS har som føremål å drive allmennkringkasting og verksemd som har samanheng med dette.
- NRK kan gjennom dotterselskap ta del i anna verksemd.
- Kongen kan i forskrift gje nærare reglar om rekneskapsmessige tilhøve mellom Norsk rikskringkasting AS og dotterselskap.

<sup>23</sup> Jf. Lov 1992-12-04 om kringkasting.

<sup>24</sup> Vedtekter for Norsk rikskringkasting AS, seinast endra i generalforsamling 29. juni 2009.

Kringkastingsavgifta vert kravd inn av NRK som ei avgift med heimel i kringkastingslova.

Medietilsynet fører tilsyn med at NRK etterlever allmennkringkastingspliktene.

### **Finansiering**

Kringkastingsavgifta stod i 2009 for meir enn 95 prosent av inntektene til NRK. Avgifta vert fastsett av Stortinget under handsaminga av statsbudsjettet. Eigar nyttar ikkje formelle investerings-/lånerammer som styringsverkemiddel, men styret skal etter vedtektene leggje fram planar om store investeringar, med finansieringsplanar for desse for generalforsamlinga for godkjenning.

### **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

Rammene for Kulturdepartementet si styring frå eigarposisjon er fastsett i aksjelova, kringkastingslova, NRK sine vedtekter og i departementet sine retningslinjer for eigarstyring av selskap under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde.<sup>25</sup>

NRK har i samsvar med kringkastingslova og lov om redaksjonell fridom i media handlefridom i redaksjonelle spørsmål. Det er difor klare avgrensingar for korleis staten som eigar kan styre NRK si programverksemd.

### **Generalforsamling**

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting på generalforsamlinga, som er kulturministeren.

I departementet sine retningslinjer er det lagt til grunn at departementet ikkje skal blanda seg inn i avgjerder som ligg innanfor styret og dagleg leiar sitt fullmaktsområde, med mindre ei sak etter departementet si vurdering skal handsamast i samsvar med skriftleg instruks frå eigar eller vedtak i generalforsamlinga.

### **Styret og styret si samansetjing**

Styret i NRK har ni medlemmer. Leiar, nestleiar og fire medlemmer blir valde av generalforsamlinga. Dei tilsette i NRK har tre representantar. Selskapet har ikkje bedriftsforsamling.

Kulturdepartementet sine retningslinjer inneheld krav om at styret må ha følgjande kompetanse:

- kunnskap om og innsikt i mediebransjen, inkl. nye media
- forretningsmessig-/bedriftsøkonomisk kompetanse
- juridisk/selskapsrettsleg kompetanse.

Det vert i tillegg lagt til grunn at styret sine medlemmer bør vere samfunnsorienterte og ha kunnskap om/forståing for selskapet sin

---

<sup>25</sup> Retningslinjer for eigarstyring av selskap mv. under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde (juli 2010).

samfunnsmessige rolle. Retningslinjene legg til grunn at styret gjennomfører ei årleg eigenevaluering av eige arbeid.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Selskapet har ein paragraf i vedtektene (§ 9) om styret si plikt til å leggje fram særskilde saker for eigar før styret ta si avgjerd. Føresegna omfattar:

- Alle saker som kan tenkjast å vere av vesentleg, prinsipiell, politisk eller samfunnsmessig interesse.
- Nedlegging av eksisterande radio- og fjernsynskanalar, og andre tiltak som kan få vesentleg innverknad på allmennkringkastingstilbodet til NRK.
- Oppretting av dotterselskap eller deltaking i andre selskap som driv anna type verksemd enn allmennkringkasting.

Styret pliktar vidare kvart år å leggje fram for generalforsamlinga ein plan for verksemda, med dotterselskap, som mellom anna skal omfatte:

- Selskapet og dotterselskapa si hovudverksemd dei komande år,
- Selskapet si økonomiske utvikling,
- Store investeringar, med finansieringsplanar for desse,
- Framlegg til kringkastingsavgift,

samt vesentlege endringar i planar som er lagt fram for tidlegare generalforsamlingar. Kjøp, sal eller pantsetjing av fast eigedom skal dessutan leggjast fram dersom transaksjonane har innverknad på programverksemda til NRK.

### **Rapportering på sektorpolitiske mål**

§11 i vedtektene slår fast korleis NRK skal rapportere på dei sektorpolitiske måla. Vedtektene slår blant anna fast at NRK kvart år skal utarbeide og sende over ein allmennkringkastingsrekneskap til Medietilsynet.

Medietilsynet utarbeider årleg ein rapport om allmennkringkastingsverksemda. Rapporten vert handsama på generalforsamlinga i NRK og omtalt i den årlege budsjettproposisjonen.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon utanom generalforsamlinga**

I tråd med Retningsliner for eigarstyring av selskap osb under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde, vert det halde møte utover generalforsamling når det er viktig og naudsynt for det enkelte selskap. Kulturdepartementet har avgjort at det skal haldast tre årlege kontaktmøte med NRK.

### **Rapportering til Stortinget**

Fram til 1997 vart det utarbeidd årlege stortingsmeldingar om NRK si verksemd. Praksis i dag er at Stortinget når det er trong for det, får høve til å drøfte NRK si verksemd i eigne meldingar. NRK si verksemd vert elles omtalt i den årlege budsjettproposisjonen.

## Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste AS

### Generelt om verksemda

Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste AS (NSD) vart oppretta i 1971 med ei institusjonell tilknytning til Noregs forskingsråd. Den 1. januar 2003 vart verksemda skipa som aksjeselskap eigd av Kunnskapsdepartementet. Selskapet sitt føremål er å drive dataforvaltning og tenesteyting overfor forskingssektoren.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Selskapet skal ha som føremål å drive dataforvaltning og tenesteyting overfor forskingssektoren. I samarbeid med nasjonale og internasjonale aktørar skal selskapet drive utviklingsarbeid innanfor føremålet sitt.

Verksemda kan utførast av selskapet sjølv, av heileigd dotterselskap, gjennom deltaking i andre selskap eller i samarbeid med andre.

Føremålet med den statlege eigarskapen er å sikre at utdannings- og forskingssektoren får det dei har trong for når det gjeld dataforvaltning og tenesteyting.<sup>26</sup>

Selskapet samlar inn, tilrettelegg og formidlar data frå ei rekkje kjelder, og er eit av verdas største arkiv for forskingsdata. NSD er personvernombud for forskning og har inngått avtale med meir enn 140 vitskapelege institusjonar.

Selskapet får ei grunnløyving frå Noregs forskingsråd. Anna finansiering er prosjektstøtte og oppdragsfinansiering. Inntektene kjem primært frå Noregs forskingsråd (grunnløyving og prosjektstøtte), departementa og universitets- og høgskulesektoren. Selskapet vert drive på ikkje-kommersielt grunnlag og deler ikkje ut utbytte.

NSD hadde 67 tilsette ved utgangen av 2009, og eit driftsresultat (etter skatt) på 0,5 mill. kroner. Driftsinntektene i 2009 var 41,4 mill. kroner mot 39,2 mill. kroner i 2008. Grunnløyvinga fra Noregs forskingsråd er ei viktig inntektskjelde. Løyvinga utgjorde 22,5 prosent av selskapet sine inntekter i 2009.

### Regulering, finansiering og eigarstyring

Selskapet vert styrt av Kunnskapsdepartementet fra eigarposisjon.

### Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd felles skriftlege retningslinjer for departementet og underliggjande verksemder si forvaltning av staten sine eigarinteresser i aksjeselskap.<sup>27</sup> Retningslinjene definerer, saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter, grunnlaget for Kunnskapsdepartementet si styring av NSD AS.

<sup>26</sup> Staten si eigarmelding 2008.

<sup>27</sup> Retningslinjer for Kunnskapsdepartementet og underliggjande verksemder si forvaltning av staten sine eigarinteresser i aksjeselskap, fastsett 18.12. 2007.

Selskapet sine vedtekter slår fast at selskapet er ideelt og allmenntilgjengelig og skal ikke ha til formål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte. Overskot som vert oppnådd gjennom verksemda skal brukast til å realisere selskapet sitt allmenntilgjengelege formål.<sup>28</sup>

### **Generalforsamling**

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert handheva gjennom deltaking og røysting i generalforsamlinga.

### **Styret og styret si samansetjing**

Selskapet sitt styre har 7 medlemmer, av desse vert 5 medlemmer oppnemnt av generalforsamlinga. 2 representantar vert valde av og blant dei tilsette. Styret sin leiar vert vald av generalforsamlinga.

Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer slår fast at styret bør setjast saman slik at det sit inne med kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapet sin eigenart.

### **Styret si foreleggingsplikt for eigar**

Styret har alminneleg opplysningsplikt i tråd med aksjelova sine føresegner.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon utanom generalforsamlinga**

Det vert halde eit kontaktmøte mot slutten av kvart kalenderår.

Det vert ikkje tatt avgjerder eller gjeve styringssignalar i kontaktmøtet.

### **Rapportering til Stortinget**

Kunnskapsdepartementet tar årleg stilling til kva for informasjon som skal gjevast til Stortinget i budsjettproposisjonen om aksjeselskap som høyrer inn under departementet sine forvaltingsområde.

---

<sup>28</sup> Vedtektene § 4.

## NSB AS

### Generelt om verksemda

NSB AS vart skipa som aksjeselskap i 2002 ved omlegging av særlovsselskapet NSB BA. Verksemda var tidlegare (fram til 1996) organisert som forvaltingsbedrift, men vart skild ut som eige rettssubjekt i samband med delinga av tidlegare NSB i ein infrastrukturel (Jernbaneverket) og eit transportselskap (NSB BA), og eit tilsyn, Statens Jernbanetilsyn. Eigarskapen vert forvalta av Samferdsledepartementet.

Verksemdsområda er persontog, godstog, buss, eigeidom og ulike støttefunksjonar. NSB opererer i stor grad i marknader med konkurranse, men staten betaler selskapet for å utføre persontransporttenester med tog på strekningar som ikkje er bedriftsøkonomisk lønsame. Samfunnsoppdraget er å syte for effektiv, tilgjengeleg, sikker og miljøvennleg transport av personar og gods (sjå føremålsparagrafen nedanfor).

### Føremålsparagraf

NSB sitt samfunnsoppdrag er å syte for effektiv, tilgjengeleg, sikker og miljøvennleg transport av personar og gods.

Selskapet skal drive persontrafikk med tog i Noreg, transport av personar og gods i Noreg og dei andre nordiske land, og dessutan drive verksemd som står i naturleg samband med dette.

Verksemda kan drivast av selskapet sjølv, av heileigde dotterselskap eller gjennom andre selskap det har eigardelar i eller samarbeider med.

Selskapet kan drive verksemda i dei andre nordiske land i den grad det medverkar til å styrke selskapet si konkurranseevne på den norske marknaden og/eller medverkar til å styrke selskapet si evne til å løyse dei samfunnsmessige oppgåvene som er grunnlaget for staten sin eigarskap.

Hovudmålet for den statlege eigarskapen er å syte for at toget har ein sterk posisjon i konkurransen med andre transportmidlar. Selskapet skal vidare gje staten størst mogeleg verdiskaping over tid.

NSB er i dag eit av dei største transportkonserna i Noreg. Konsernet har hovudkontor i Oslo, medan verksemda er spreidd over mesteparten av Noreg og delar av Sverige og Danmark. Morselskapet NSB AS tek hand om det meste av persontrafikken med tog i Noreg, medan resten av verksemda er organisert i dotterselskap. Konsernet hadde ved utgangen av 2009 nærare 12 000 tilsette. Driftsinntektene i 2009 var 10 917 mill. kroner. Årsresultat etter skatt var 345 mill. kroner i 2009 og 20 mill. kroner i 2008.

Det er for 2009 delt ut eit utbytte på 172 mill. kroner. Gjennomsnittleg utbytteandel dei siste fem åra til og med 2009 er 70 pst.

## Regulering

Jernbanedrift i Noreg er regulert med heimel i Jernbanelova<sup>29</sup>, Jernbaneundersøkelleslova<sup>30</sup> og vilkår fastsett i konsesjon.

Selskapet si plikt til å utføre bedriftsøkonomisk ulønsame tenester er regulert i særskilde avtalar gjort med Samferdsledepartementet. Det vert i avtalane stilt krav til omfanget av og kvaliteten på persontransporttenestene. Utgiftene vert kompensert gjennom årlege løyvingar til statleg kjøp av persontransporttenester frå NSB. Rapportering fra NSB i tråd med avtalefesta kriteriar skjer tertialvis. Dersom krava ikkje vert oppfylt, kan det verte innført sanksjonar. Gjeldande avtale er gjort for perioden 1.1.2007 t.o.m. 31.12.2010.<sup>31</sup>

NSB er underlagt Jernbanetilsynet sin kontrollmyndigheit. Tilsynet skal kontrollere at dei verksemdene som er regulert av jernbanelovgjevinga oppfyller krava og vilkåra som er fastsett i desse lovene. I tillegg skal tilsynet overvake marknaden for å syte for like vilkår for alle selskap som konkurrerer om å drive jernbanetransport, og å føre tilsyn med at passasjerane sine rettar vert tatt vare på.

## Finansiering

NSB vert finansiert gjennom kommersiell verksemd og årlege løyvingar som kompensasjon for å utføre bedriftsøkonomisk ulønsame persontransporttenester med tog.

Staten sine kjøp av tenester fra NSB er regulert gjennom ei rammeavtale mellom Samferdsledepartementet og NSB AS, og av årlege kjøpsavtalar under rammeavtala. Den årlege kjøpsavtala inneheld avtale om persontransport med tog, avtale om vederlag, endringar i rammeavtala og andre særskilde tilhøve som gjeld for det enkelte år. Avtalane kjem i stand etter forhandlingar. Gjeldande kjøpsavtale gjeld for 2010.<sup>32</sup>

Staten kjøpte i 2009 persontransporttenester av NSB-konsernet for 1 655 mill. kroner.

## Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring

Samferdsledepartementet har utarbeidd eigne retningslinjer for forvaltning av staten sine eigarinteresser i NSB AS.<sup>33</sup> Retningslinjene utgjer, saman med aksjelova og

---

<sup>29</sup> Lov 1993-06-11 om anlegg og drift av jernbane, under dette sporvei, tunnelbane og forstadsbane med meir.

<sup>30</sup> Lov 2005- 06- 03 nr. 34 om varsling, rapportering og gransking av jernbaneulykker og jernbanehendingar med meir.

<sup>31</sup> Avtale om utføring av persontransport med tog mellom Samferdsledepartementet og NSB AS (Trafikkavtalen).

<sup>32</sup> Avtale om utføring av persontransport med tog år 2010 mellom Samferdsledepartementet og NSB AS (Kjøpsavtalen).

<sup>33</sup> Retningslinjer for forvaltning av Samferdsledepartementet sine eigarinteresser i NSB AS (november 2010).

selskapet sine vedtekter<sup>34</sup>, grunnlaget for Samferdsledepartementet sin styringspraksis.

### **Generalforsamling**

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting i generalforsamlinga.

### **Styresamansetjing**

NSB sitt styre har åtte medlemmer, fem av desse er oppnemnt av generalforsamlinga, tre er valde av og blant dei tilsette i tråd med aksjelova sine føresegner. Tenestetida til styremedlemmene er to år. Selskapet har ikkje bedriftsforsamling.

Det er innarbeidd ei føresegn i vedtektene om at styret kvart år skal evaluere arbeidet sitt og kompetansen sin.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Vedtektene inneheld føresegner om at styret pliktar å leggje fram for samferdsleministeren alle saker som kan tenkjast å vere av vesentleg samfunnsmessig eller prinsipiell interesse. Det er i same paragraf vedtektsfesta at styret kvart år skal leggje fram for samferdsleministeren ein plan for verksemda, med dotterselskap, som skal omfatte følgjande:

- Ei statusskildring av marknaden og konsernet, under dette utviklinga i konsernet sidan den forrige planen vart lagt fram.
- Hovudtrekk ved konsernet si verksemd dei komande år, under dette større omorganiseringar, vidareutvikling og avvikling av eksisterande verksemdar og tenester og utvikling av nye.
- Konsernet sitt investeringsnivå, vesentlege investeringar og finansieringsplanar
- Vurdering av den økonomiske utviklinga i planperioden.
- Rapport om tiltak og resultat når det gjeld selskapet sitt samfunnsoppdrag og samfunnsansvar.

Styret skal leggje fram for samferdsleministeren vesentlege endringar i slike planar som er lagt fram tidlegare.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det vert vanlegvis halde tre kontaktmøte kvart år mellom selskapet og departementet. Møta er reine orienteringsmøte. Møta vert halde på administrativt nivå i departementet, med unntak av eit kontaktmøte som vert halde etter generalforsamlinga, der statsråden og styret òg er til stades.

### **Rapportering til Stortinget**

Departementet legg fram ei Stortingsmelding om verksemda til NSB normalt ein gong i kvar stortingsperiode. Den fireårige planen styret har for verksemda i selskapet det aktuelle året er utgangspunktet for meldinga. På bakgrunn av

---

<sup>34</sup> Vedtekter med dei seinaste endringane av desember 2009.

meldinga fastset Stortinget mellom anna forventingar til avkastning og utbyte frå verksemda.

Utbyte for det enkelte år vert fastsett i Stortinget gjennom handsaming av statsbudsjettet.

## Petoro AS

### Generelt om verksemda

Petoro AS vart stifta i 2001 for å vareta staten sitt direkte økonomiske engasjement (SDØE) i petroleumssektoren. Eigarskapen til Petoro AS vert forvalta av Olje- og energidepartementet.

#### Vedtektene sin føremålsparagraf

Selskapet sitt føremål er, på vegner av staten, og for staten si rekning og risiko å ha ansvaret for å vareta dei forretningsmessige tilhøva knytt til staten sitt direkte økonomiske engasjement (SDØE) i petroleumsverksemda på norsk sokkel og anna verksemd i samband med dette.

SDØE-porteføljen representerar svært store verdier. Petoro er retthavar for, men ikkje eigar av SDØE-partane på norsk sokkel. Selskapet er ikkje operatør. Det overordna målet for forvaltinga av SDØE-porteføljen er å få høgast mogeleg inntekt til staten.

Det er eit klart skilje mellom økonomiske tilhøve knytt til SDØE og tilhøve knytt til drifta av Petoro. Det vert ført separate rekneskap.

Drifta av Petoro vert fullfinansiert gjennom ei årleg rammeløyving over statsbudsjettet. Løyvinga dekkjer administrasjonsutgifter i samband med ansvaret for å vareta dei forretningsmessige tilhøva knytt til SDØE. Driftstilskotet frå staten var i 2009 på 252 mill. kroner. Selskapet betalar ikkje skatt, og det vert ikkje delt ut utbyte.

Petoro AS hadde 65 fast tilsette ved utgangen av 2009.

### Regulering

Petoro si verksemd er regulert i Petroleumslova sitt kapittel 11<sup>35</sup> om forvaltarordning for staten sitt direkte økonomiske engasjement. Det går fram av § 11-5 i lova at Selskapet er underlagt aksjelova og føresegnene om statsaksjeselskap, med mindre anna følgjer av kapittel 11 i Petroleumslova.

Petroleumslova slår i § 11-3 fast at

- staten er direkte ansvarleg for plikter selskapet tar på seg, gjennom kontrakt eller på annan måte, og at krav mot staten kan rettast mot selskapet
- det kan ikkje opnast konkurs og gjeldsforhandlingar (etter konkurslova) i selskapet.

Petoro AS kan ikkje ta opp lån eller garantera utan at Stortinget samtykkjer til dette (Petroleumslova § 11-4)

Styret er pålagt ei informasjonsplikt overfor selskapet si generalforsamling. Denne plikta er mer vidtgående enn aksjelova sine føresegner (Petroleumslova § 11-7).

---

<sup>35</sup> Lov-1996-11-29-72 om petroleumsverksemd.

## Finansiering

Petoro AS vert tildelt løyvingar over statsbudsjettet sitt kap. 2440 og 5440 *Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda*. Løyving til Petoro sitt driftsbudsjett vert vedteke ifølgje statsbudsjettet sitt kap. 1870 *Petoro si verksemd*.

Disponible midlar, løyvingar og tilsegnfullmakter vert disponert i samsvar med føresegnene i løyvingsreglementet og dei føresetnadene som er lagt til grunn i budsjettproposisjon, budsjettinnstilling og stortingsvedtak. Vilråa for departementet si styring som tilskotsforvaltar, under dette kva for mål og resultatkrav som skal stettast og korleis rapporteringa skal gjennomførast, går elles fram av det årlege tildelingsbrevet frå OED til selskapet.

## Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring

OED har vedteke særskilde retningsliner for departementet si forvaltning av eigarinteressene i Petoro AS. Retningslinene gjev saman med aksjelova, petroleumslova kapittel 11, årlege tildelingsbrev og selskapet sine vedtekter ei skildring av OED si styring av Petoro AS<sup>36</sup>.

## Generalforsamling

Eigarstyringa skjer i generalforsamling.

Tilhøvet mellom Petoro sitt styre og generalforsamling er regulert i Aksjelova og Petroleumslova, og selskapet sine vedtekter utfyller dette.

## Styret og styret si samansetjing

Petoro AS har eit styre på sju medlemmer. Fem medlemmer, under dette styret sin leiar og nestleiar, vert valde av generalforsamlinga. To medlemmer vert valde av og mellom dei tilsette i tråd med aksjelova sine føresegner om dei tilsette sin rett til representasjon i styre i aksjeselskap. Selskapet har ikkje bedriftsforsamling.

OED legg i si styring av selskapet vekt på at Petoro AS skal ha eit profesjonelt og aktivt styre samansett av personar med stor samfunnsmessig innsikt og yrkesmessig erfaring på eit overordna nivå.

## Saker for generalforsamlinga / styret si opplysningsplikt

Petroleumslova § 11-7 slår fast at styret skal leggje følgjande saker fram for generalforsamlinga

- a) planar for komande år, i tillegg til perspektiv på mellomlang sikt og vesentlege endringar i desse,
- b) planar om prosjekt som vil ha mykje å seie for staten si deltaking i verksemda etter lova,
- c) hovudtrekk i budsjett for komande år,
- d) prinsipp for engasjement av forretningsførarar
- e) årsmelding og årsrekneskap for staten sine deltakarpartar.

---

<sup>36</sup> Retningsliner for Olje- og energidepartementet si forvaltning av eigarinteressene i Petoro AS, mai 2008.

Styret skal i tillegg leggje fram for generalforsamlinga alle saker som kan tenkjast å ha prinsipielle eller politiske sider av interesse, eller som kan få vesentlege samfunnsøkonomiske eller samfunnsmessige verknader.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Ein viktig del av departementet si eigaroppfølging er møte med styret og administrasjonen i Petoro. I tillegg til generalforsamlinga vert det halde følgjande møte:

- Eigarmøte: 2-4 gonger i året.
- Resultatpresentasjonar i samband med framlegging av årsrapport for Petoro AS og for SDØE og kvartalsrapportar for SDØE.
- Prosjektmøte vert halde når det er trong for det.

### **Rapportering til Stortinget**

OED legg med jevne mellomrom fram ei stortingsmelding om petroleumsverksemda. Meldinga inneheld ein omtale av staten sitt engasjement i petroleumsverksemda, under dette Petoro AS. Petoro AS og SDØE vert elles omtalt kvart år i St.prp. nr. 1 frå OED.

## Posten Norge AS

### Generelt om verksemda

Posten Norge AS vart skipa som aksjeselskap i 2002 ved omdanning av særlovsselskapet Posten Norge BA. Verksemda var tidlegare (fram til 1996) organisert som forvaltingsbedrift. Eigarskapen vart forvalta av Samferdsledepartementet.

Selskapet sine hovudverksemdområde er post, logistikk og IT. Selskapet er i stor grad konkurranseutsett, men er samtidig pålagt å levere tenester på område og til prisar som ikkje er bedriftsøkonomisk lønsame, jf. føremålsparagrafen nedanfor.

### Føremålsparagraf

Posten Norge AS er eit heileigd statleg aksjeselskap som skal medverka til å oppfylle føremålet i postlova.

Selskapet sitt samfunnsoppdrag er å syte for eit landsdekkjande formidlingstilbod av postsendingar til rimeleg pris og til god kvalitet. Samfunnsoppdraget er skildra i Posten sin konsesjon.

Selskapet skal på forretningsmessig grunnlag drive post- og logistikkverksemd, i tillegg til anna verksemd som står i direkte sammanheng med dette. Verksemda kan drivast av selskapet sjølv, av heileigde dotterselskap, eller gjennom andre selskap det har eigardelar i eller samarbeider med.

Selskapet skal utføre oppgåver som det vert pålagt gjennom lovgjeving og konsesjon eller gjennom generalforsamlingsvedtak.

Føremålet med staten sin eigarskap er å syte for eit landsdekkjande tilbod av leveringspliktige tenester til rimeleg pris og med god kvalitet. Innanfor desse rammene vert selskapet drive etter forretningsmessige prinsipp, og skal på den måten syte for ei god forvaltning av staten sine verdiar og ei god industriell utvikling av selskapet. Staten medverkar finansielt gjennom løyvingar til statleg kjøp av leveringspliktige tenester som ikkje er bedriftsøkonomisk lønsame.

Posten er organisert som eit konsern samansett av morselskapet Posten Norge AS og ei rekkje heil- og deleigde dotterselskap som leverer tenester under merkevarene Posten og Bring. I tillegg eig Posten 47 prosent av IT-selskapet EDBErgo Group ASA.<sup>37</sup> Konsernet har Norden som heimemarknad. Konsernet er den største bedrifta i Noreg, målt i talet på tilsette, med vel 24 000 tilsette ved utgangen av 2009. Driftsinntektene i 2009 var 27 104 mill. kroner. Årsresultatet etter skatt var 111 mill. kroner i 2009.

Det vart i 2009 ikkje delt ut utbytte. Gjennomsnittleg utbyttedel dei siste fem åra t.o.m. 2009 er 40 pst.

---

<sup>37</sup> Posten sitt dotterselskap ErgoGroup vart hausten 2010 fusjonert med EBD Business Partner. Etter fusjonen eig Posten 47 prosent av det fusjonerte selskapet.

## Regulering

Posten sitt samfunnsoppdrag er regulert med heimel i postlova<sup>38</sup>, lov om banktenester i Posten sitt nett<sup>39</sup> og i Samferdsledepartement sin konsesjon til Posten Norge AS. Konsesjonen omfattar postlova sitt geografiske verkeområde og krav knytt til det landsdekkjande postnettet og dei leveringspliktige tenestene.

Posten Norge AS er, med heimel i postlova, gjeve einerett på formidling av lukka adressert brevpost innanfor ei definert pris- og vektgrense. Einerettsområdet er sidan 2006 avgrensa til sendingar under 50 gram og 2,5 gonger grunntaksten for innenriks brev.

Samferdsledepartementet sin konsesjon til Posten Norge stiller krav om at selskapet skal syte for at alle brukarane får eit godt og likeverdig tilbod av leveringspliktige tenester i alle delar av lande, med utgangspunkt i fastsette krav til tenestetilbod, tilgjenge, framsendingstid og pris. For tenester som fell inn under einerettsområdet, er det stilt krav om geografisk einingsporto.

Dei meirkostnader Posten har, knytt til dei samfunnsplåagte tenestene, vert dekkja av monopoloverskotet frå einerettsområdet og gjennom statleg kjøp av spesifiserte, ulønsame posttenester.

Posten er underlagt Post- og teletilsynet sin kontrollmyndighet.

## Finansiering

Løyvinga frå Samferdsledepartementet til statleg kjøp av tenester vert fastsett årleg i samband med statsbudsjettet. Trongen for statleg kjøp byggjer på utrekningar frå Posten Norge AS og er basert på gjeldande prinsipp for slike utrekningar. Trongen for statleg kjøp vert etterrekna.

Samferdsledepartementet sine løyvingar til statleg kjøp av tenester utgjorde 518 mill kroner i 2009. Tilsvarande løyvingar vart ikkje gjeve i 2008. I Prop 1S (2010-2011) går det fram at etterrekninga for 2009 viser at trongen for statleg kjøp i 2009 var 307 mill. kroner lågare enn løyvinga og at Samferdsledepartementet vil kome attende til saka i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2010.

## Forvaltinga av eigarskapen – eigarstyring

Samferdsledepartementet har utarbeidd eigne retningslinjer for forvalting av staten sine eigarinteresser i Posten Norge AS.<sup>40</sup> Retningslinjene utgjer, saman med konstitusjonelle rammer, aksjelova og selskapet sine vedtekter<sup>41</sup>, grunnlaget for Samferdsledepartementet sin styringspraksis.

---

<sup>38</sup> Lov 29.11.1996 nr. 73 om formidling av landsdekkjande postsendingar og forskrift av 1. juli 1997 om formidling av landsdekkjande postsendingar.

<sup>39</sup> Lov 21.7.2002 nr. 44 om tilbod av grunnleggjande banktenester gjennom Posten Norge AS sitt ekspedisjonsnett.

<sup>40</sup> Retningslinjer for forvalting av Samferdsledepartementet sine eigarinteresser i Posten Norge AS (november 2010).

<sup>41</sup> Vedtektene vart fastsett 1. juli 2002 og seinast endra 15. desember 2009.

### **Generalforsamling**

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert formelt handheva gjennom generalforsamlinga.

### **Styresamansetjing**

Posten sitt styre har ti medlemmer, av desse er seks er oppnemnt av generalforsamlinga og fire er valde av og mellom dei tilsette, i tråd med aksjelova sine føresegnar. Tenestetida til styremedlemmene er to år. Selskapet har ikkje bedriftsforsamling.

Det er arbeidd inn ei føresegn i vedtektene om at styret kvart år skal evaluere arbeidet sitt og kompetansen sin.<sup>42</sup>

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Vedtektene<sup>43</sup> inneheld føresegnar om at styret pliktar å leggje fram for samferdsleministeren alle saker som kan tenkjast å vere av vesentleg samfunnsmessig eller prinsipiell interesse.

Det er vidare vedtektsfesta at:

- styret skal orientere skriftleg om tiltak og resultat i samband med selskapet sitt samfunnsoppdrag og samfunnsansvar
- styret skal annankvart år leggje fram for samferdsleministeren ei skriftleg orientering om overordna planar for konsernet si verksemd, mellom anna om den økonomiske utviklinga i dei seinare år og vurderingar av den økonomiske utviklinga i planperioden
- styret skal leggje fram for samferdsleministeren vesentlege endringar i planar som tidlegare er lagt fram.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det vert vanlegvis halde fire kontaktmøte kvart år mellom selskapet og departementet. Møta er av reint orienterande karakter og vert halde på administrativt nivå i departementet.<sup>44</sup>

### **Rapportering til Stortinget**

Fram til 2009 har departementet hatt ein praksis med å leggje fram ei Stortingsmelding om selskapet si verksemd annankvart år. Frå 2009 legg derimot departementet opp til at eigarmeldingar normalt skal fremjast berre ein gong i stortingsperioden (Prp 1 S (2009-2010)). Styret sin plan for verksemda i selskapet det aktuelle året utgjer utgangspunktet for meldinga. På bakgrunn av meldinga handsamar Stortinget dei overordna planane for selskapet, og gjer vedtak om avkastningskrav og utbyttepolitikk for verksemda.

---

<sup>42</sup> Jf. § 8 i vedtektene.

<sup>43</sup> Jf. § 10 i vedtektenes.

<sup>44</sup> Vanlege orienteringssaker på eigarmøtea omhandlar rapportering av økonomiske resultat og servicemålingar.

## Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

### Generelt om verksemda

Store Norske Spitsbergen Kulkompani (SNSK) AS vart stifta i 1916. SNSK er ei sentral bedrift på Svalbard. Selskapet har som føremål å nytte ut selskapet sine eigedomar og rettar på Svalbard. Eigarskapen vert forvalta av Nærings- og handelsdepartementet.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Store Norske Spitsbergen Kulkompani Aktieselskap har som føremål gjennom drift eller på annan måte å nytte ut selskapet sine eigedomar og rettar på Svalbard. Selskapet kan vidare ta del i drift av anna verksemd som står i samband med dette. Selskapet kan nytte kompetansen det har innan miljøvennleg ressursutnytting på Svalbard og i Finnmark og Troms.

Føremålet med staten sin eigarskap er å medverke til at samfunnet i Longyearbyen vert halde i hevd og vidareutvikla på ein måte som støttar opp under dei overordna måla i norsk Svalbard-politikk. Selskapet vert drive etter bedriftsøkonomiske prinsipp og får ikkje løyvingar over statsbudsjettet. Staten som eigar legg vekt på ein langsiktig eigarskap som kan medverke til å støtte opp under ei god utvikling i konsernet. Samtidig skal selskapet gjennom verksemda si medverke til at samfunnet i Longyearbyen vert halde i hevd. Det vert lagt til grunn at tryggleiks- og miljøhensyn har høgaste prioritet i alle vurderingar knytt til gruvedrifta. Forvaltninga av eigarskapen tar elles sikte på å maksimere verdien av staten sine aksjar og medverke til ei god industriell utvikling av selskapet.

SNSK er eigd av staten med 99,9 pst. SNSK AS er organisert som eit konsern samansett av morselskapet Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS og dei heileigde dotterselskapa Store Norske Spitsbergen Grubekompani AS (SNSG), Store Norske Gull AS og Store Norske Boliger AS. Selskapet driv med kolverksemd på Svalbard gjennom SNSG. Om lag 95 pst. av produksjonen vert eksportert. Konsernet hadde 368 tilsette ved utgangen av 2009. Driftsinntektene i 2009 var 2041 mill. kroner. Årsresultat etter skatt var 363 mill. kroner i 2009 og 881 mill. kroner i 2008.

Konsernet betalte ut eit utbytte til eigar på 164 mill. kroner i 2009, tilsvarende ein utbytedel på 46 prosent. Gjennomsnittleg utbytedel dei siste fem åra til og med 2009: 37 prosent.

### Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring

NHD har utarbeidd retningsliner i form av ein generell instruks for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet<sup>45</sup>. Instruksjonen gjeld i utgangspunktet for alle selskap der staten ved NHD er aksjonær. Gjeldande instruks utgjer saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter<sup>46</sup> grunnlaget for departementet si eigarstyring.

<sup>45</sup> Jf. Instruks av 3. februar 2004 for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet.

<sup>46</sup> Vedtekter med dei seinaste endringane av 29. juni 2007.

Det ligg ikkje føre nokon særskild instruks for departementet si styring og oppfølging av eigarskapen i SNSK AS.

### **Generalforsamling**

Departementet sitt styrings- og kontrollmynde vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting på generalforsamlinga.

Eigaroppfølginga er basert på rolledelinga i aksjelova. Vidare vert eigarskapen forvalta i samsvar med prinsippa for god eigarskap godkjent av Stortinget gjennom handsaminga av St. meld. nr. 13(2006-2007) *Eit aktivt og langsiktig eigarskap*.

### **Styret og styret si samansetjing**

SNSK AS vert leia av eit styre med åtte medlemmer, av desse er fem valde av generalforsamlinga, tre er valde av og blant dei tilsette.

Styret utfører eigenevaluering. Departementet vert orientert om resultatet av evalueringa som eit ledd i arbeidet med å førebu styreval.

Departementet har utarbeidd interne retningslinjer for arbeid i valkomitear i heileigde selskap forvalta av Nærings- og handelsdepartementet. Dei tar utgangspunkt i dei same prinsippa, men er justert for deleigde selskap. Det vert gjennomført ei vurdering av styret i tråd med desse retningslinene.

Styret sitt arbeid vert vurdert i ein grundig prosess under førebuingane til eit styreval ved ordinært føretaksmøte. Etter tilrådde prinsipp for selskapsleiing er møte med styreleiar og leiinga i selskapet ein del av prosessen med å vurdere arbeidet, samansetjinga og kompetansen til styret. I dei åra det ikkje er styreval, vert det òg gjort ei vurdering av styret sitt arbeid i samband med førebuinga av ordinær generalforsamling. Vurderinga skjer på bakgrunn av resultat og aktuelle saker.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Selskapet har ingen føresegner i vedtektene som pålegg styret å leggje fram særskilde saker for generalforsamlinga før styret tar ei avgjerd.

### **Kontakt mellom eigar, styret og administrasjonen**

Kontakt mellom departementet og styret skjer når det trengs, mellom anna i samband med førebuingar til styreval. Det er ikkje oppretta rutiner for faste formelle møte mellom eigar og styret utanom generalforsamlinga.

Selskapet sin administrasjon er med på kontaktmøte med departementet.

### **Resultatoppfølging og kontroll**

Informasjonen frå selskapet som skal utgjere grunnlaget for resultatoppfølging og kontroll, vert i hovudsak gjeve gjennom årsrapportar som er utarbeidd i samsvar med krava i rekneskapslova, og delårsrapportar. Nærings- og handelsdepartementet er med på generalforsamlingane i Store Norske og har i tillegg regelbunde kontakt med selskapet i samband med framlegginga av kvartalsrekneskapa og møte på administrativt nivå når det trengs, under dette kjem årlege møte om samfunnsansvar.

Departementet får samtidig opplysningar gjennom direkte kontakt med leiinga og ved å vitje bedrifter. Departementet får ikkje kopi av styreprotokollar og andre styredokument.

## Uninett AS

### Generelt om verksemda

UNINETT starta som eit prosjekt i 1971. Aksjeselskapet UNINETT AS vart skipa i 1993. Selskapet sitt føremål er å drive nett og nettenester for universitet, høgskular og forskingsinstitusjonar, og å handtere andre nasjonale IKT-oppgåver. Eigarskapen vert forvalta av Kunnskapsdepartementet.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Selskapet sitt føremål er å:

- a. utvikle eit avansert landsdekkjande elektronisk tenestenett for informasjonsutveksling mellom enkeltbrukarar og grupper av brukarar innan forskning og utdanning i Noreg, slik at desse får tilbod om kostnadseffektive kommunikasjonstenester på linje med det beste av det som finnes ellers i det akademiske miljø. Ein kan òg tilby UNINETT sine tenester til andre institusjonar og/eller brukarar dersom det ikkje finst andre tenesteleverandørar, og dette er til nytte for den primære målgruppa til UNINETT.
- b. skunde på bruken av opne internasjonale standarder innan datakommunikasjon for å gjere det mogeleg å nytte samtrafikk på tvers av landegrensene og mellom ulike typar datamaskinutstyr.
- c. syte for samtrafikk mellom nasjonale og internasjonale tenestenettoperatørar som er aktuelle for den primære målgruppa.
- d. stimulere til naudsynt forskings- og utviklingsaktivitet innanfor område som er knytt til UNINETT si verksemd. UNINETT skal ikkje sjølv drive forskning og større utvikling utover det som trengs for å utvikle tenestene vidare, men bør når det er naudsynt, koordinere denne typen aktivitet.
- e. tilby operative nettenester primært til forskings- og høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg slik at mål a), b) og c) kan verte oppfylt. I tilfelle der dei aktuelle nettenestene kan skaffast mest kostnadsfritt frå kommersielle underleverandørar, skal ein vanlegvis nytte desse, i motsett tilfelle kan UNINETT sjølv tilby tenester.
- f. tilby eventuelle andre fellestenester som støtter opp under føremåla som er nemnt under punkt a) til e).
- g. opprette eller ta del i i selskap nasjonalt og internasjonalt, som støtter opp under føremåla som er nemnt under punkt a) til f).

Målet med staten sin eigarskap er å syte for drift og vidareutvikling av eit nasjonalt elektronisk tenestenett for informasjonsutveksling mellom enkeltgrupper og grupper av brukarar innan forskning og utdanning i Noreg.

UNINETT AS er morselskap i eit konsern. Selskapet hadde 4 heileigde dotterselskap ved utgangen av 2009: UNINETT FAS AS, UNINETT Norid AS, UNINETT Sigma AS og UNINETT ABC AS<sup>47</sup>. Konsernet har ein brei internasjonal aktivitet gjennom forskingsprosjekt og standardiseringsarbeid

<sup>47</sup> Verksemda til UNINETT ABC AS vart ved årsskiftet 2009/2010 overført til Senter for IKT i utdanninga. UNINETT ABC AS vart samtidig lagt ned.

innanfor internettfeltet. Verksemda vert driven på ikkje-kommersielt grunnlag. Finansieringa skjer dels gjennom statlege tilskot, dels gjennom brukarbetaling. Selskapet deler ikkje ut utbytte.

Konsernet sine samla driftsinntekter i 2009 var 213,6 mill. kroner mot 207 mill. kroner i 2008. Konsernet hadde i 2009 eit underskot på 14,5 mill. kroner. Konsernet hadde i 2009 rundt 100 fast tilsette. Ei stor mengd studentar og fagfolk frå heile universitets- og høgskulesektoren var i tillegg knytt til verksemda på prosjektbasis.

### **Finansiering**

UNINETT AS vert styrt av Kunnskapsdepartementet frå eigarposisjon. Statleg grunnfinansiering og statleg kjøp av tenester medverkar til å oppfylle selskapet sine mål.

Løyvingar frå Kunnskapsdepartementet vert gjeve til UNINETT AS og kan ikkje overførast til dotterselskap. Vilkår for disponering av statstilskotet og vilkår for rapportering til departementet går fram av Kunnskapsdepartementet sitt årlege tilskotsbrev til UNINETT AS.

### **Forvaltinga av eigarskapen – eigarstyring**

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd felles skriftlege retningslinjer for korleis departementet og underliggjande verksemder skal forvalta av staten sine eigarinteresser i aksjeselskap.<sup>48</sup> Retningslinjene definerer, saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter, grunnlaget for Kunnskapsdepartementet si styring av UNINETT AS.

### **Generalforsamling**

Departementet sin styrings- og kontrollmyndighet vert formelt handheva gjennom deltaking og røysting i generalforsamlinga.

Selskapet sine vedtekter slår fast at generalforsamlinga ikkje kan vedta å dele ut utbytte frå selskapet.<sup>49</sup>

### **Styret og styret si samansetjing**

Styret i selskapet har 6 styremedlemmer, ein av desse er vald av og blant dei tilsette. Brukarinstitusjonane, universitet og høgskular, er sterkt representert i styra.

Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer slår fast at styret bør setjast saman slik at det har kompetanse, kapasitet og mangfald i samsvar med selskapet sin eigenart.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Styret har alminnelig opplysningsplikt i tråd med aksjelova sine føresegner.

---

<sup>48</sup> Retningslinjer for Kunnskapsdepartementet og underliggjande verksemder si forvaltning av staten sine eigarinteresser i aksjeselskap, fastsett 18.12. 2007.

<sup>49</sup> Jf. § 9 i vedtektene.

**Eigar sine møte med styre og administrasjon utanom generalforsamling**

Det vert halde eit kontaktmøte mot slutten av kvart kalenderår.

Det vert ikkje teke avgjerder eller gjeve styringssignal i kontaktmøtet.

**Rapportering til Stortinget**

Kunnskapsdepartementet tar kvart år stilling til kva for informasjon som skal gjevast til Stortinget i budsjettproposisjonen om aksjeselskap som høyrer inn under departementet sine forvaltingsområde.

## Universitetssenteret på Svalbard AS

### Generelt om verksemda

Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) AS vart skipa som eit statleg aksjeselskap i 2002. Eigarskapen vert forvalta av Kunnskapsdepartementet.

UNIS AS avløyste stiftinga *Universitetsstudia på Svalbard*, som vart skipa av dei fire norske universiteta i 1994. Selskapet sitt føremål er å gje studietilbod på universitetsnivå og å drive forskning med utgangspunkt i Svalbard si geografiske plassering i eit høgarktisk område. Selskapet har eit tett samarbeid med universiteta på fastlandet.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Selskapet sitt føremål er å gje studietilbod og drive forskning med utgangspunkt i Svalbard si geografiske plassering i eit høgarktisk område, og dei spesielle fortrinna dette gjev gjennom bruk av naturen som laboratorium og arena for observasjonar og innsamling og analyse av data. Studietilbodet skal vere på universitetsnivå og stå fram som eit tillegg til den undervisninga som vert gjeve ved universiteta på fastlandet, og vere ein del av eit ordinært studium som fører fram til eksamenar og grader på bachelor-, master- og doktorgradsnivå.

Studietilbodet skal ha ein internasjonal profil, og undervisninga skal gå føre seg på engelsk.

Selskapet har ikkje fortjeneste som føremål. Eit eventuelt overskot av drifta skal nyttast til føremålet, jfr. § 9 fjerde ledd i vedtektene.

Føremålet med staten sin eigarskap er å medverke til å utvikle Svalbard som forskingspolitisk arena, for å internasjonalisere norsk forskning og for å samarbeide med utanlandske forskingsmiljø. UNIS AS har ikkje fortjeneste som føremål og betalar ikkje utbytte til eigar.

UNIS har fire studieretningar: Arktisk biologi, Arktisk geologi, Arktisk geofysikk og Arktisk teknologi. Det vart i 2009 gjeve undervisning i til saman 40 emne, av desse var 22 på master- og doktorgradsnivå. Vel 350 studentar frå nærare 30 nasjonar følgde undervisninga.

Verksemda vert i vesentleg grad finansiert gjennom løyvingar over statsbudsjettet. Selskapet har i tillegg inntekter frå eksternt finansierte forskingsprosjekt, konsulenthjelp og utleigeverksemd.

UNIS hadde 76 tilsette ved utgangen av 2009. Driftsinntektene i 2009 var 97,6 mill. kroner mot 84,8 mill. kroner i 2008. Driftsresultatet i 2009 var 2,9 mill. kroner mot eit underskot på 2,9 mill. kroner i 2008. Selskapet betalar ikkje skatt.

### Regulering

UNIS er gjennom sektorlovgevinga regulert på same måte som resten av universitets- og høgskulesektoren.

## Finansiering

Kunnskapsdepartementet ytte i 2009 eit statstilskot på nærare 84 mill. kroner for å dekkje drift og investeringar for forskings- og utdanningsverksemda til UNIS. Vilkår for disponering av statstilskotet og vilkår for rapportering til departementet går fram av det årlege tilskotsbrevet frå Kunnskapsdepartementet til UNIS AS.

## Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd felles skriftlege retningslinjer for korleis departementet og underliggjande verksemder skal forvalta av staten sine eigarinteresser i aksjeselskap.<sup>50</sup> Retningslinjene definerer, saman med aksjelova og selskapet sine vedtekter, grunnlaget for Kunnskapsdepartementet si styring av UNIS AS.

## Generalforsamling

Departementet sin styrings- og kontrollmyndigheit vert handheva gjennom deltaking og røysting i generalforsamlinga.

Selskapet sine vedtekter slår fast at generalforsamlinga ikkje kan vedta å dele ut utbytte frå selskapet.<sup>51</sup>

## Styret og styret si samansetjing

Styret i selskapet har sju styremedlemmer, fem av desse vert oppnemnt av generalforsamlinga. Vedtektene<sup>52</sup> slår fast at styret skal ha følgjande samansetjing:

- Ein av medlemmene skal veljast av og blant personalet ved UNIS. Dei tilsette kan også velje ein observatør.
- Ein medlem vert vald av og blant studentane ved UNIS. Studentane kan òg velje ein observatør.
- Dei fem andre styremedlemmene vert valde av generalforsamlinga og skal kome frå høvesvis Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og Universitetet i Tromsø og ein medlem skal ha lokal forankring i Longyearbyen. For kvar medlem skal det veljast ein personleg varamedlem.

Styremedlemmene vert nemnt opp for tre år om gongen, med unntak av styremedlemmen som vert vald av studentane. Denne vert vald for eitt år. Styret nemner sjølv opp leiar og nestleiar.

Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer slår fast at styret bør setjast saman slik at det sit inne med kompetanse, kapasitet og mangfald i samsvar med selskapet sin eigenart.

## Styret si framleggingplikt for eigar

Styret har alminneleg opplysningsplikt i tråd med aksjelova sine føresegner.

---

<sup>50</sup> Retningslinjer for Kunnskapsdepartementet og underliggjande verksemder si forvaltning av staten sine eigarinteresser i aksjeselskap, fastsett 18.12. 2007.

<sup>51</sup> Jf. § 9 i vedtektene.

<sup>52</sup> Jf. § 6 i vedtektene.

**Eigar sine møte med styre og administrasjon utanom generalforsamling**

Det vert halde eit kontaktmøte mot slutten av kvart kalenderår.

Det vert ikkje tatt avgjerder eller gjeve styringssignal i kontaktmøtet.

**Rapportering til Stortinget**

Kunnskapsdepartementet tar kvart år stilling til kva for informasjon som skal gjevast til Stortinget i budsjettproposisjonen om aksjeselskap som høyrer inn under departementet sine forvaltingsområde.

## Statsføretak

### Enova SF

#### Generelt om verksemda

Enova SF er organisert som eit statsføretak, underlagt Olje- og energidepartementet. Føretaket vart oppretta i 2001 som forvaltar av Energifondet<sup>53</sup>. Bakgrunnen for etableringa var Stortinget si handsaming av regjeringa sitt framlegg til ny finansieringsmodell og ny organisering av arbeidet med energiomlegging. Målet var å få eit system som var enklare å styre enn den modellen ein hadde før 2001, kor arbeidet med energiomlegginga var delt mellom NVE og distribusjonsselskapa for elektrisk kraft.

Hovudmålet til Enova er å fremje ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon gjennom forvaltning av midla frå Energifondet. Rammene for bruk av midla er nedfelt i eigne vedtekter for fondet.<sup>54</sup>

#### Vedtektene sin føremålsparagraf

Enova SF sitt føremål er å fremje ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon.

Enova skal forvalte midla frå eit energifond. Enova SF skal sjå til at energifondet får tilført dei inntekter som følgjer av forskrift til energilova. Ramma for bruken av midlar fra energifondet er nedfelt i vedtektene for fondet.

Enova kan forvalte midlar for andre oppdragsgjevarar når oppdraget ligg innanfor føretaket sitt føremål.

Enova SF skal i det operative arbeidet sitt fremje konkurranse og nytte eksterne aktørar der det er tenleg.

Føremålet med staten sin eigarskap er å syte for eigarskap til eit verkemiddel for å nå energipolitiske mål.<sup>55</sup>

Enova si forvaltning av Energifondet skal medverke til:

- meir effektiv bruk av energi
- auka bruk av andre energiberarar enn straum og olje til oppvarming
- auka produksjon frå fornybare energikjelder
- innføring og utvikling av nye teknologiar og løysingar i energimarknaden
- velfungerande marknader for effektive og miljøvennlege energiløysingar.

Enova forvaltar, i tillegg til Energifondet, òg midlar til å realisere infrastruktur for naturgass<sup>56</sup> og ein eigen tilskotsordning for hushaldningar. Drifts- og administrasjonsutgifter knytt til forvaltninga av midla frå Energifondet vert dekkja

<sup>53</sup> Oppretta ved Stortingsvedtak 5. april 2001.

<sup>54</sup> Jf. stiftingsdokument for Enova SF, vedtekter for Enova SF og vedtekter for Energifondet.

<sup>55</sup> Regjeringens sin eigarpolitikk, 2008.

<sup>56</sup> Det vert ikkje løyvd midlar til ordninga i 2010 og 2011, men Enova forvaltar overførte midlar.

av fondet. Administrasjonsutgifter i samband med andre støtteordningar vert dekkja av særskilde løyvingar for kvar av ordningane.

Føretaket Enova SF genererer ikkje egne inntekter og det vert ikkje fastsett utbytte. Føretaket er ikkje skattepliktig.

Enova hadde 53 tilsette ved utgangen av 2009. Den årlege budsjetttramma for forvaltning av Energifondet vert fastsett som ein del av statsbudsjettet. Budsjetttramma var i 2009 sett til 100 mill. kroner.

### **Regulering**

Dei rettslege rammene for Enova si verksemd er fastsett gjennom Energilova<sup>57</sup> og forskrifter med heimel i Energilova. Enova SF si hovudoppgåve er å forvalte Energifondet. Fondet vert finansiert med heimel i Energilova gjennom eit påslag på nettarriffen for uttak av kraft i distribusjonsnettet<sup>58</sup>.

Oppdraget med forvaltninga av Energifondet er gjeve til Enova gjennom ei langsiktig avtale mellom OED og Enova. Gjeldande avtale kom i stand i 2008 og gjeld ut 2011. Avtala slår fast måla for Enova si verksemd og generelle rammer for Enova si forvaltning av midla frå Energifondet. Ytterlegare regulering av Enova si forvaltning av Energifondet og andre tilskotsordningar er fastsett av OED med heimel etter føresegnene i økonomiregelverket.<sup>59</sup>

### **Finansiering**

Disponible midlar, løyvingar og tilsegnsmakter vert disponert i samsvar med føresegnene i løyvingreglementet og dei føresetnadene som er lagt til grunn for stortingsvedtak.

Vilkåra for Enova SF si forvaltning av midlar, under dette kva for resultatkrav som skal stettast og korleis rapporteringa skal gå føre seg, går fram av det årlege tildelingsbrevet frå OED til Enova SF. Tildelingsbrevet utdjupar og kompletterer dei føresetnadene som er lagt til grunn i OED sin budsjettproposisjon og i avtalane mellom OED og Enova SF om forvaltninga av midla til Energifondet.

OED styrer Enova på eit overordna nivå og utarbeider ikkje kriterier for den enkelte tilskotsordninga under Energifondet<sup>60</sup>.

### **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

OED har fastsett felles retningsliner for OED si forvaltning av eigarinteressene i statsføretak.<sup>61</sup> Retningslinene utgjer, saman med statsføretakslova og føretaket sine vedtekter, grunnlaget for styringspraksisen til departementet.

---

<sup>57</sup> Lov av 200690 nr 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m

<sup>58</sup> Forskrift om innbetaling av påslag på nettarriffen til Energifondet.

<sup>59</sup> Jf. blant anna OED sin instruks for økonomiforvaltninga av Energifondet i Enova SF.

<sup>60</sup> Sjå t.d. tildelingsbrev for 2009.

<sup>61</sup> Jf. Retningslinene for OED si forvaltning av eigarinteressene i statsføretak.

**Føretaksmøte**

Eigarstyringa skjer i det årlege føretaksmøtet.

**Styret og styret si samansetjing**

Enova SF vert leia av eit styre på fem medlemmer, fire av desse er oppnemnt av føretaksmøte medan ein medlem er vald av og blant dei tilsette.

OED legg i retningslinene sine stor vekt på at styret skal vere forretningsmessig orientert.

**Styret si framleggingsplikt for eigar**

Styret si framleggingsplikt er fastsett i statsføretakslova.

OED har i retningslinene gjort greie for gjeldande praksis for handsaming av saker som vert lagt fram for departementet i tråd med føresegnene i statsføretakslova.

**Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det vert i tillegg til føretaksmøta halde 2-4 kontaktmøte i året mellom departementet og styret i føretaka. Statsråden er med på eitt møte i året, elles vert departementet representert ved departementsråden eller avdelingsleiar.

Administrerande direktør møter som observatør på desse møta.

Kontaktane fungerer som uformelle møte der ein kan utveksle informasjon og synspunkt.

**Rapportering til Stortinget**

Stortinget vert kvart år orientert om eigaroppfølginga i St.prp. nr. 1 fra OED.

Utover dette vert det jamleg gjeve orienteringar i andre stortingsdokument der det er naturleg og ynskjeleg.

## Gassnova SF

### Generelt om verksemda

Gassnova er oppretta som eit statsføretak underlagt Olje- og energidepartementet. Foretaket vart stifta i 2007 ved omdanning av forvaltingsorganet Gassnova. Selskapet har som føremål å forvalte staten sine interesser knytt til CO<sub>2</sub>-handtering, under dette CO<sub>2</sub>-fangst, -transport, -injeksjon og -lagring. Denne aktiviteten omfattar teknologiutvikling gjennom det norske nasjonale programmet for forskning, utvikling og demonstrasjon av teknologi for CO<sub>2</sub>-handtering frå kraftproduksjon (CLIMIT-programmet), forvalte staten sine interesser i ulike prosjekt og rådgjeving overfor Olje- og energidepartementet.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Gassnova SF har som føremål å forvalte staten sine interesser knytt til CO<sub>2</sub>-handtering (teknologiutvikling, fangst, transport, injeksjon, lagring av CO<sub>2</sub>), og å gjennomføre dei prosjekta som føretaksmøtet vedtek. Det er ei målsetjing at føretaket sitt arbeid skal føre til kostnadsreduksjonar knytt til CO<sub>2</sub>-handtering.

Gassnova SF skal gje råd til Olje- og energidepartementet når det gjeld spørsmål om CO<sub>2</sub>-handtering.

Gassnova SF skal leggje til rette for at staten si deltaking i CO<sub>2</sub>-handteringsprosjekt kan nyttast på best mogeleg måte av staten eller av einingar som er eigde av staten.

Gassnova SF skal medverke til gjennomføring av "Climit-programmet".

Gassnova SF har ikkje fortjeneste som føremål.

Føremålet med staten sin eigarskap er å syte for best mogeleg forvaltning av staten sine interesser knytt til CO<sub>2</sub>-handtering, teknologiutvikling, fangst, transport, injeksjon og lagring av CO<sub>2</sub><sup>62</sup>. Føretaket har ikkje fortjeneste som føremål og betalar ikkje utbyte til eigar.

Gassnova SF hadde 33 tilsette ved utgangen av 2009. Føretaket fekk i 2009 ei driftsløyving på 70 mill. kroner til å dekkje administrative utgifter, inkl. investeringar og kjøp av eksterne tenester knytt til drifta av føretaket. Utgiftene knytt til CO<sub>2</sub>-handteringsprosjekta (CLIMIT-programmet) vert finansiert av eit fond (CLIMIT-fondet). Rammene for bruken av midla er nedfelt i vedtektene for fondet.

Det vert ført separate rekneskap for Gassnova SF og disponeringa av midlar frå CLIMIT-fondet.

---

<sup>62</sup> Regjeringa sin eigarpolitikk (2008).

## **Regulering**

Gassnova SF operer innanfor eit område som i liten grad er regulert i gjeldande sektorlovgjeving.

## **Finansiering**

Dei økonomiske rammene for Gassnova SF si verksemd vert fastsett gjennom budsjettvedtak i Stortinget og i det årlege tildelingsbrevet til føretaket.

Disponible midlar, løyvingar og tilsegnfullmakter vert disponert i samsvar med føresegnene i løyvingsreglementet, regelverk for Gassnova SF si forvaltning av tilskot til teknolog for fangst, transport og lagring av CO<sub>2</sub> og dei føresetnadene som er lagt til grunn for stortingsvedtak og avgjerder i føretaksmøte. Vilkåra for departementet si styring som tilskotsforvaltar, under dette kva for mål og resultatkrav som skal stettast og korleis rapporteringa skal gjennomførast, går elles fram av det årlege tildelingsbrevet til føretaket.

## **Forvaltinga av eigarskapen – eigarstyring**

OED har fastsett felles retningslinjer for OED si forvaltning av eigarinteressene i statsføretak.<sup>63</sup> Retningslinjene utgjer, saman med statsføretakslova og foretaket sine vedtekter, grunnlaget for departementet sin styringspraksis.

## **Føretaksmøte**

Staten si eigarstyring og oppfølging av Gassnova tar utgangspunkt i føretaksmøtet, kontaktmøte og dei årlege tildelingsbrev (med tillegg).

## **Styret og styret si samansetjing**

Gassnova har eit styre på seks medlemmer, ein av dei er representant for dei tilsette.

OED legg i retningslinjene sine stor vekt på at styret skal vere forretningsmessig orientert.

## **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Styret si framleggingsplikt for eigar er presisert i § 9 i vedtektene, som slår fast at følgjande saker skal leggjast fram for føretaksmøtet:

- planar for komande år, i tillegg til perspektiv på mellomlang sikt og vesentlege endringar i nokon av desse,
- hovudtrekk i budsjetta for komande år,
- årsmelding, fastsetjing av resultatrekneskap og balanse, under dette bruk av årsoverskot eller dekking av årsunderskot,
- alle saker som kan tenkjast å ha viktige prinsipielle eller politiske sider, eller som
- kan få vesentlege samfunnsøkonomiske eller samfunnsmessige verknader.

Dersom styrande organ, i eit samarbeid som Gassnova SF tek del, i skal avgjere ei sak som vert omfatta av særskilde føresegner, der føretaket har rett til å røyste etter vedtak i føretaksmøte, skal styret leggje saka fram for føretaksmøte før føretaket

---

<sup>63</sup> Jf. Retningslinjene for OED si forvaltning av eigarinteressene i statsføretak.

røystar i saka. Dersom denne typen styrande organ har gjort vedtak som vil vere i strid med vilkår og krav i fullmakter gjeve av styremaktene eller med norsk politikk når det gjeld CO2-handtering, skal styret leggje saka fram for føretaksmøtet.

OED har i retningslinene gjort greie for gjeldande praksis for handsaming av saker som vert lagt fram for departementet i tråd med føresegnene i statsføretakslova.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

I tillegg til føretaksmøta vert det halde inntil 2-4 kontaktmøte i året mellom departementet og styra i føretaka. Statsråden er som regel med på eitt møte i året. Elles vert departementet representert ved departementsråden eller avdelingsleiar. Administrerande direktør og eventuelt andre frå administrasjonen er med på desse møta.

Kontaktane fungerer som uformelle møte der ein kan utveksle informasjon og synspunkt.

### **Rapportering til Stortinget**

Stortinget vert kvart år orientert om eigaroppfølginga i St.prp. nr. 1 for OED. Utover dette vert det jamleg gjeve orienteringar i andre stortingsdokument der det er naturleg og ynskjeleg.

## SIVA SF

### Generelt om SIVA SF

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) vart oppretta i 1968 som eit verkemiddel i distriktspolitikken. Selskapet hadde til oppgåve å skaffe grunn, syte for grunnlagsinvesteringar, reise industribygg for sal eller utleige, eller stille tomt til rådvelde for interesserte bedrifter. Selskapet arbeider i dag innanfor områda eigedom og innovasjon.

I 1993 vart SIVA organisert etter lov om statsføretak. Eigarskapen vart overført frå KRD til NHD i 2002. Føretaket er organisert som eit konsern med morselskap, dotterselskap og tilknytte selskap. Konsernet sine eigedomsinvesteringar er sidan 2008 samla i dotterselskapet SIVA Eiendom Holding AS.

SIVA er medeigar i 25 kunnskaps- og forskingsparkar, 54 næringshagar, 31 inkubatorar og 19 industri-inkubatorar.<sup>64</sup> I 2008 hadde konsernet eit overskot på 32,8 mill kr etter skatt.

Ved utgangen av 2009 hadde SIVA SF 40 medarbeidarar tilsett i konsernet.

### Føremålsparagraf

SIVA skal medverke til innovasjon og næringsutvikling gjennom eigedomsverksemd og utvikling av sterke regionale innovasjons- og verdiskapingsmiljø i alle delar av landet. SIVA har eit særleg ansvar for å medverke til å fremje vekstkrafta i distrikta.

SIVA er ein nasjonal verkemiddelaktør som skal jobbe for å utvikle regionale innovasjons- og verdiskapingsmiljø i heile landet, men selskapet har framleis eit særleg ansvar for næringsutvikling i distrikta. SIVA er òg engasjert i Nordvest-Russland for å medverke til auka samarbeid mellom norsk og russisk næringsliv, og utfører dessutan spesifikke oppdrag for norske styresmakter, særleg Utanriksdepartementet, i ein del andre land, m.a. på Balkan.

### Regulering og tilsyn

SIVA si verksemd er ikkje underlagt noko spesiell sektorpolitisk regulering.

Styret har vedteke etiske retningslinjer med hovudvekt på at ein i den kommersielle verksemda òg skal leggje vekt på sosiale og miljømessige omsyn. I samband med internasjonal verksemd vert det lagt vekt på omsynet til menneskerettar, ILO-standarder og andre internasjonale retningslinjer for næringsverksemd, slik som OECD sine retningslinjer for internasjonale selskap. Dei etiske retningslinjene rettast seg òg mot interne tilhøve i selskapet.<sup>65</sup>

SIVA sine innovasjonsprogram er notifisert til ESA i tråd med statsstøtteregelverket. Notifiseringa vart gjennomført av NHD i samarbeid med KRD, og vart godkjend av ESA i desember 2008.

<sup>64</sup> 2008-tal.

<sup>65</sup> SIVA sine heimesider på Internett.

## **Finansiering**

SIVA SF får løyvingar over statsbudsjettet frå KRD, hovudsakeleg til næringshagar og inkubatorprogram, og frå NHD til ulike innovasjonsaktivitetar og administrasjon. Selskapet får òg midlar frå Utanriksdepartementet til særskilde oppdrag.

SIVA SF har ein statleg innskotskapital og kan berre få innlån frå statskassen, innanfor ei låneramme på 700 mill. kroner. Kvart enkelt innlån vert knytt til eit statspapir, og rentesatsen på innlånet vert sett lik renta på statspapiret og med tilsvarande løpetid.

Holdingselskapet (eigedomsvksemda) opererer i marknaden på vanlege kommersielle vilkår, og får inga statleg støtte utover innskoten eigenkapital.

## **Eigarstyring**

Eigarstyringa vert gjennomført i tråd med føresegnene i Statsføretakslova. Ein auke i innskotskapitalen vert vedteken på føretaksmøtet.

Det er inga innblanding frå eigar si side i dei forretningmessige disposisjonane. Opprettinga av SIVA Eiendom Holding AS har gjeve ein struktur som varetar dette.

## **Styret og styret si samansetjing**

Styret har sju medlemmer. Det er ingen skrevne retningsliner for styresamansetjinga utover føresegnene i Statsføretakslova, men det vert lagt vekt på at styret skal ha kompetanse som både gjev samfunnsforståing og forretningmesig forståing. Innsikt i akademia/FoU er òg viktig. Geografiske omsyn vert varetatt i kombinasjon med dei andre kvalifikasjonskrava.

NHD får, i tråd med føresegnene i Statsføretakslova, referat fra styremøta. Styret evaluerer seg sjølv ein gong i året.

## **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

SIVA har ein dialog med NHD i samband med budsjettprosessen og tilskotsbrevet. Programverksemda vert teke opp her. NHD godkjenner bruken av midlane. Strategiske spørsmål vert diskutert på kontaktmøte. Det er òg eigne møte for gjennomgang av heil - og halvårsrapporteringa.

SIVA har eigne møte med KRD om dei delane av programverksemda som vert finansiert av KRD.

## Statkraft SF

### Generelt om verksemda

Statkraft SF vart oppretta som statsføretak i 1992 etter ei oppsplitting og deling av dei tidlegare Statkraftverkene i ein produksjonsdel (Statkraft SF) og ein overføringsdel (Statnett SF). Stiftinga av føretaket vart gjort med grunnlag i Energilova<sup>66</sup>, som vart sett i verk 1. januar 1991, og som la det rettslege grunnlaget for ei effektivisering av kraftmarknaden og ein meir fleksibel bruk av kraft.

Eigarskapen av Statkraft SF vart i 2003 overført frå Olje- og energidepartementet til Nærings- og handelsdepartementet. I 2004 vart det meste av verksemda i Statkraft SF overført til dotterselskapet Statkraft AS og underliggjande dotterselskap<sup>67</sup>.

Statkraftkonsernet er den største produsenten av fornybar energi i Europa. Konsernet produserer og utviklar i hovudsak vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme, og er ein viktig aktør på dei europeiske energibørsane. Føremålsparagrafen i vedtektene for både Statkraft SF og Statkraft AS er gjeve att i boksen nedanfor.

#### Vedtektene sin føremålsparagraf

Statkraft SF sitt føremål er å eige alle aksjane i Statkraft AS, gje lån til Statkraft AS, eige kraftverk som vert leigd ut og partar i selskap som driv energianlegg i utlandet, handel med energi, og verksemd som har naturleg samanheng med dette.

Statkraft AS sitt føremål er, sjølv eller gjennom deltaking i eller samarbeid med andre selskap, å planleggje, prosjektere, oppføre og drive energianlegg, drive fysisk og finansiell energihandel, og å drive verksemd som har naturleg samanheng med dette.

Statkraftkonsernet opererer i marknader med andre kommersielle aktørar og har som eit hovudmål å drive etter forretningsmessige prinsipp. Føremålet med den statlege eigarskapen er

- 1) å sikre staten kontroll med vassressursane og naturmiljøet,
- 2) å sikre hovedkontorfunksjonar og utvikling av det norske kompetansemiljøet innan energiproduksjon generelt, og miljøvennleg produksjon spesielt
- 3) å sikre at avkastning og inntekter frå norsk vasskraft kjem fellesskapet til gode.

Statkraft skal vidare, innanfor EØS-regelverket, arbeide for å støtte industrien si trong for stabil og langsiktig kraftforsyning.

<sup>66</sup> Lov av 200690 nr 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m.

<sup>67</sup> St.prp. nr. 53 (2003 – 2004) og Innst. S. nr. 248 (2003 – 2004) Staten sin eigarskap i Statkraft SF, og Ot.prp. nr. 63 (2003 – 2004) nr. 99 (2003 – 2004) og Besl.O. nr. 102 (2003 – 2004) Lov om omorganisering av Statkraft SF.

Statkraft SF hadde eit resultat etter skatt på 7,8 mrd. kroner i 2009, samanlikna med 33,5 mrd. kroner i 2008. Konsernet betaler eit utbyte til staten på 4,19 mrd. kroner, tilsvarande ein utbytedel på 55 prosent, for rekneskapsåret 2009.

Gjennomsnittleg utbytedel dei siste fem åra t.o.m. 2009 er 53 prosent. Dersom ein legg utbytegrunnlaget<sup>68</sup> til grunn, betalte selskapet eit utbyte på 85 prosent for 2009 og gjennomsnittleg utbytedel dei siste fem åra ville ha vore vesentleg høgare og innanfor staten sin formulerte utbytepolitikk på 75-100 prosent.

Statskraftkonsernet hadde ved utgangen av 2009 nærare 3400 tilsette.

### **Regulering**

Alle kraftforetak, uavhengig av eigarstruktur og selskapsform, vert regulert gjennom Energilova. Både anlegg og omsetning er konsesjonspliktig.<sup>69</sup>

Energilova skiljer mellom konkurranseverksemd og monopolverksemd. Statskraftkonsernet opererer i marknader med andre kommersielle aktørar og er underlagt det same regelverket som desse.

NVE er fagdirektorat og tilsynsmynde for energi- og vassdragsforvaltninga i Noreg. Direktoratet er underlagt OED. OED er klageinstans for vedtak gjort av NVE.

### **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

Rammene for departementet si eigarstyring er fastsett i statsføretakslova, foretaket sine vedtekter og i NHD sine retningslinjer for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet<sup>70</sup>. Instruksjonen gjeld i utgangspunktet for alle selskap der staten ved NHD er aksjonær.

### **Føretaksmøte**

Eigarstyringa av Statkraft SF skjer i føretaksmøtet.

Vedtektene for Statkraft SF slår fast at saker som har mykje å seie for Statkraft AS sitt føremål og/eller verksemda sin karakter, skal leggjast fram for føretaksmøtet i Statkraft SF før saken vert handsama i generalforsamling i Statkraft AS.<sup>71</sup>

### **Styret og styret si samansetjing**

Statkraft SF og Statkraft AS har identiske styre og same administrerande direktør.

Styret vert vald for to år og har sju til ni medlemmer. Sitjande styre har ni medlemmer, tre av desse er valde av og blant dei tilsette. Arbeidet og kompetansen til styret vert evaluert kvart år av styret sjølv.

Styret sitt arbeid vert vurdert i ein grundig prosess ved førebuingar til styreval som finn stad på ordinært føretaksmøte. Etter tilrådde prinsipp for selskapsleiing er møte med styreleiar og leiinga i selskapet ein del av prosessen med å vurdere

---

<sup>68</sup> Slik det er definert i statsbudsjettet som konsernresultatet etter skatt og minoritetsinteresser justert for urealiserte verdiendringar og tap.

<sup>69</sup> Jf. Energilova, kap. 3 og 4.

<sup>70</sup> Jf. Instruks av 3. februar 2004 for forvaltning av statlege eigarinteresser i aksjeselskap under Nærings- og handelsdepartementet.

<sup>71</sup> 71 Jf. § 8 i vedtektene.

arbeidet, samansetjinga og kompetansen til styret. I dei åra det ikkje er styreval, vert arbeidet til styret vurderd og under førebuingane til føretaksmøtet. Vurderinga skjer på bakgrunn av resultat og aktuelle saker.

Førebuingane til styreval tar utgangspunkt i NHD sine generelle retningslinjer for førebuing av val av styre i heileigde statlege selskap.<sup>72</sup>

### **Styret si framleggingplikt for eigar**

I samsvar med statsføretakslova skal viktige saker leggjast skriftleg fram for NHD før styret gjer vedtak. Styreprotokollar for Statkraft SF skal sendast til departementet.

Det er vedtektsfesta at Statkraft SF ikkje, utan avgjerd i føretaksmøte, kan

- avhende eller pantsetje aksjar i Statkraft AS, eller pantsetje andre egedelar
- møte eller røyste i generalforsamling i Statkraft AS.

Statkraft SF har ei vedtektsfesta opplysningsplikt overfor OED i enkelte typar saker.<sup>73</sup>

NHD legg generelt til grunn at eigar ikkje skal blanda seg inn i avgjerder som ligg innanfor styret og dagleg leiar sitt fullmaktsområde, med mindre ei sak av prinsipielle grunnar skal handsamast av generalforsamling/føretaksmøte.<sup>74</sup>

### **Kontakt mellom eigar, styret og administrasjonen**

Det er ikkje oppretta rutiner for faste formelle møte mellom eigar og styret utanom generalforsamling. Det vert teke initiativ til slike møte når det er trong for det.

Administrasjonen i selskapet er med på faste kontaktmøte med departementet, under dette kvartalsmøte.

---

<sup>72</sup> Jf. korrespondanse med Riksrevisjonen.

<sup>73</sup> Jf. § 9 i vedtektene.

<sup>74</sup> Jf. departementet sin instruks av 3. februar 2004.

## Statnett SF

### Generelt om verksemda

Statnett SF vart oppretta i 1992 etter ei oppsplitting og deling av dei tidlegare Statkraftverka i ein produksjonsdel (Statkraft SF) og ein overføringsdel (Statnett SF). Stiftinga av føretaket skjedde med grunnlag i Energilova<sup>75</sup>, som vart iverksett 1. januar 1991, og som la det rettslege grunnlaget for ei effektivisering av kraftmarkedet og ein meir fleksibel bruk av kraft.

Statnett SF er systemansvarleg i det norske kraftsystemet. Eigarskapen vert forvalta av Olje- og energidepartementet (OED).

### Vedtektene sin føremålsparagraf:

Statnett SF er systemansvarleg i det norske kraftsystemet. Føretaket skal ha ansvar for ei samfunnsøkonomisk rasjonell drift og utvikling av det sentrale overføringsnettet for kraft.

Statnett SF skal åleine eller saman med andre planleggje å prosjektere, byggje, eige og drive overføringsanlegg.

Statnett SF skal utføre dei oppgåvene som det er pålagt i samsvar med lovgjeving og konsesjonar.

Statnett SF skal elles følgje forretningsmessige prinsipp.

Statnett SF eig om lag 90 prosent av sentralnettet i Noreg, i tillegg til sambandet med utlandet. Statnett skal forvalte sentralnettet ut frå kriterium som varetar norske samfunnsinteresser. Det inneber mellom anna å leggje til rette for at kraftmarknaden fungerer godt og at strømløyperansane er sikre og stabile. Som ansvarleg for det norske sentralnettet skal Statnett òg sjå til at nettet er ope for alle aktørar i kraftmarknaden. Føremålet med staten sin eigarskap er å syte for at føretaket utfører samfunnsoppgåvene sine på ein effektiv måte.

Statnett SF er organisert som konsern, samansett av morselskapet Statnett SF og dei heileigde dotterselskapa Statnett Transport AS og Statnett Forsikring AS. Konsernet er elles deleigar i den internasjonale kraftbørsen Nord Pool Spot. Konsernet hadde 838 tilsette i 2009. Driftsinntektene var 2862 mill. kroner. Hovuddelen av inntekta kjem frå nettleige, fastsett med heimel i Energilova.

Konsernet hadde eit overskot etter skatt<sup>76</sup> på 264 mill. kroner i 2009. Det vart utbetalt eit utbyte til staten på 132 mill. kroner. Gjennomsnittleg utbytedel dei siste fem åra t.o.m. 2009 er 55 prosent.

<sup>75</sup> Lov av 200690 nr 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m.

<sup>76</sup> Justert for meir-/mindreinntekt etter skatt i samsvar med gjeldande regulering.

## Regulering

Alle kraftføretak, uavhengig av eigarstruktur og selskapsform, vert regulert gjennom Energilova. Både anlegg og omsetning er konsesjonspliktig.<sup>77</sup>

Energilova skiljer mellom konkurranseverksemd og monopolverksemd. Lova byggjer på prinsippet om marknadbasert kraftomsetning, mens nettverksemda er underlagt monopolregulering.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) set kvart år fast inntektsrammer for den enkelte netteigar og operatør. Statnett SF skal som systemansvarleg nettselskap syte for at ubalansar mellom forbruk og produksjon vert utlikna, og for å rekne ut og gjera opp avvik. Systemansvaret er skildra nærare og regulert i Energilova sitt kapittel 6 og i forskrifter fastsett av Olje- og energidepartementet.

NVE er fagdirektorat og tilsynsmynde for energi- og vassdrags-forvaltninga i Noreg. Direktoratet er underlagt OED. OED er klageinstans for vedtak som er gjort av NVE.

## Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring

OED har fastsett felles retningslinjer for OED si forvaltning av eigarinteressene i statsføretak.<sup>78</sup> Retningslinjene utgjer, saman med statsføretakslova og foretaket sine vedtekter, grunnlaget for departementet sin styringspraksis.

## Føretaksmøte

Eigarstyringa skjer i samsvar med statsføretakslova sine føresegner i det årlege føretaksmøtet.

## Styret og styret si samansetjing

Statnett vert leia av eit styre med åtte medlemmer, fem av desse er oppnemnt av føretaksmøtet, tre er valde av og blant dei tilsette etter dei reglar som gjeld for dette etter § 20 i statsføretakslova. Selskapet har ikkje bedriftsforsamling.

Vedtektene inneheld ei føresegn om at eit av styremedlemmene som vert oppnemnt av føretaksmøte skal representere brukarane (§6). Vedtektene slår i tillegg fast at Statnett SF skal ha eit brukarråd på 6 medlemmer. Brukarrådet skal oppnemnast av føretaksmøtet etter innstilling frå utvalde kraftbransje- og forbrukarorganisasjonar. Brukarrådet sin leiar og nestleiar vert innkalla til styremøte med møte- og talerett i saker som omfattar Statnett SF sine regulerte monopol- og myndeoppgåver.

OED legg stor vekt på at styret skal vere forretningsmessig orientert.

## Styret si framleggingsplikt for eigar

Styret i Statnett er i samsvar med statsføretakslova pålagt å leggje visse typar saker fram for føretaksmøte før styret gjer vedtak.

---

<sup>77</sup> Jf. Energilova, kap 3 og 4.

<sup>78</sup> Jf. Retningslinjene for OED si forvaltning av eigarinteressene i statsføretak.

OED har i retningslinene sine for forvaltninga av eigarskapen i statsføretak gjort greie for gjeldande praksis for handsaming av saker som vert lagt fram for departementet i samsvar med Statsføretakslova sine føresegner.

#### **Avgrensingar i selskapet sine høve til å ta opp lån**

Statnett SF kan ikke stille pant eller anna sikring i føretaket sine aktiva (vedtektene § 10).

#### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det vert i tillegg til føretaksmøta vanlegvis halde to eigarmøte i året mellom departementet og styret i føretaka. Statsråden er med på eitt møte i året, elles vert departementet representert ved departementsråden eller avdelingsleiar. Administrerande direktør møter som observatør på desse møta.

Kontaktane fungerer som uformelle møte der ein kan utveksle informasjon og synspunkt.

#### **Rapportering til Stortinget**

Stortinget vert kvart år orientert om eigaroppfølginga i St.prp. nr. 1 fra OED. Utover dette vert det jamleg gjeve orienteringar i andre stortingsdokument der det er naturleg og ynskjeleg.

## Statskog SF

### Generelt om verksemda

Statskog SF vart stifta i 1993 ved omdanning av Direktoratet for staten sine skogar til statsføretak. Føretaket sitt føremål er å forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedomar og ressursane som høyrer til, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Eigarskapen vert forvalta av Landbruks- og matdepartementet.

#### Vedtektene sin<sup>79</sup> føremålsparagraf

Føretaket sitt føremål er å forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedomar og ressursane som høyrer til, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av dette kan føretaket gjennom deltaking eller i samarbeid med andre, forvalte og drive eigedomar og andre former for tenester innanfor føretaket sitt verksemdsområde. Eigedomane skal drivast effektivt med sikte på å nå eit tilfredsstillande økonomisk resultat. Det skal drivast eit aktivt naturvern og takast omsyn til friluftssinteresser. Ressursane skal nyttast på ein balansert måte, og fornybare ressursar skal takast vare på og utviklast vidare.

Statskog SF har grunnboksheimel til om lag 1/5 av Noreg sitt fastlandsareal og er den største grunneigaren i landet. Føremålet med staten sin eigarskap er å syte for effektiv ressursutnytting til beste for samfunnet, og å leggje til rette for at ålmenta har tilgjenge til jakt-, fiske og friluftsliv mv. Verksemda skal drivast på bedriftsøkonomisk grunnlag<sup>80</sup>.

Forvaltninga av staten sine skogar går attende til den første forstmesteren som vart tilsett i 1857. I 1860 vart Statens skovvesen oppretta, som ei avdeling i Landbruksdepartementet, for å ha tilsyn med staten sine eigedomar. I tidsrommet 1957-1993 tok Direktoratet for staten sine skogar hand om desse oppgåvene. Heile oppgåveporteføljen til Direktoratet for staten sine skogar vart i 1993 overdratt til Statskog SF. I 2006 vart Statskog SF sine eigedomar i Finnmark gjennom føresegn i Finnmarkslova tillagt Finnmarkseigedom. Dette førte til ein vesentleg reduksjon av den totale eigedomsmassen til Statskog SF. Endringa har medverka til ein reduksjon i talet på tilsette, frå i underkant av 200 ved utgangen av 2005 til vel 150 i 2009.

Statskog SF har si verksemd hovudsakeleg innanfor skogbruk, utmarksforvaltning og anna areal- og eigedomsforvaltning. Føretaket si forretningsmessige drift skjer i konkurranseutsette marknader. Føretaket er tillagt myndeoppgåver og utfører tenester for Landbruks- og matdepartementet. Oppgåvene er regulert gjennom regelverk og ei eiga avtale<sup>81</sup> mellom Landbruks- og matdepartementet og Statskog SF. Desse oppgåvene vert finansiert over statsbudsjettet.

<sup>79</sup> Vedtekter for statsføretaket Statskog SF, sist endra 21.4.2006.

<sup>80</sup> Jf. St.meld. nr. 13 (2006-2007).

<sup>81</sup> Avtale mellom Landbruks- og matdepartementet og Statskog om tenesteyting i samband med samfunnsoppgåver.

Statskog SF hadde 151 tilsette ved utgangen av 2009. Driftsinntektene var 251 mill. kroner. Driftsresultatet etter skatt var på 28 mill. kroner. Løyvingane på Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett var i 2009 på vel 23 mill. kroner.

Det vart i 2009 delt ut eit utbytte på 10 mill. kroner, tilsvarande ein utbytedel på 36 pst. Gjennomsnittleg utbytedel dei siste 5 åra er 42 prosent.

### **Regulering**

Foretaket si verksemd er regulert av statsføretakslova og relevant sektorlovgjeving, mellom anna skogbrukslova, areallovgeving, tomtefestelova med vidare.

Statskog SF er tillagt mynde etter statsalmenningslova og fjellova. Avtala<sup>82</sup> mellom Landbruks- og matdepartementet og Statskog SF skildrar kva for oppgåver føretaket har etter statsalmenningslova og fjellova, i tillegg til andre oppgåver føretaket skal ta hand om, mellom anna tilretteleggjing for friluftsliv.

### **Finansiering**

Avtala mellom Landbruks- og matdepartementet og Statskog SF ligg til grunn for Stortinget sitt årlege løyvingsvedtak på kap 1161, og omfattar tilskot til høvesvis forvaltingsdrift og oppsyn i statsalmenningar. Nærare vilkår for bruken av tildelte midlar, under dette resultatmål og krav til rapportering, vert gjeve i dei årlege tildelingsbrev fra Landbruks- og matdepartementet.

### **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

Rammene for eigarstyringa er gjeve gjennom statsføretakslova, vedtektene for føretaket og Landbruks- og matdepartementet sine retningslinjer for forvaltning av departementet sine eigarinteresser i Statskog SF<sup>83</sup>.

Vedtektene omfattar mellom anna framleggingsplikt i viktige saker og rammer for kjøp og sal av eigedomar, i tillegg til låneopptak.

### **Foretaksmøtet**

Eigarstyringa skjer gjennom føretaksmøtet.

### **Styret og styret si samansetjing**

Statskog SF sitt styre skal ha fem til åtte medlemmer som skal veljast av føretaksmøtet. Styret si samansetjing og dei tilsette sin representasjon går fram av statsføretakslova.

Sitjande styre har åtte medlemmer, fem av desse er eigaroppnemnte og tre er valde av og blant dei tilsette. Styremedlemmene tenestegjer i to år. Styremedlemmer kan reoppnemnast og sitje i flere periodar.

Val av styremedlemmer skjer med grunnlag i vurderingar i departementet om trong for kompetanse i styret og mellom anna geografisk representasjon.

---

<sup>82</sup> Sist revidert i 2007.

<sup>83</sup> Retningslinjer fastsett 4.4.2005.

**Styret si framleggingplikt for eigar**

Før styret treff vedtak i ei sak som ein reknar med vil ha mykje å seie for føretaket sitt føremål eller som i vesentleg grad vil endre verksemda sin karakter, skal saka leggjast skriftleg fram for føretaksmøtet.

**Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det vert vanlegvis ikkje halde eigarmøte ut over dei ordinære, årlege føretaksmøta eller eventuelle ekstraordinære føretaksmøte. Uformell informasjonsutveksling mellom føretaket og eigar skjer når det er trong for dette. Landbruks- og matdepartementet får styreprotokollane frå føretaket i tråd med lov om statsføretak.

Oppfølging av forvaltingsoppdraget som vert finansiert over statsbudsjettet skjer ved 1-2 kontaktmøte pr. år.

**Rapportering til Stortinget**

Departementet orienterer Stortinget om verksemda i Statskog SF gjennom dei årlege budsjettproposisjonane.

## Særlovsselskap

### AS Vinmonopolet

#### Generelt om verksemda

AS Vinmonopolet vart stifta i 1922. Selskapet er eit statleg detaljmonopol med einerett på sal av alkoholprodukt som inneheld meir enn 4,7 volumprosent alkohol. Selskapet sitt føremål er å medverke til å avgrense alkoholforbruket og gjennom dette skadene som alkoholen valdar, gjennom regulering av tilgjenget. Alkoholomsetninga er, med heimel i gjeldande sektorlovgeving, pålagt ei eiga særavgift, alkoholavgifta, som har som sitt primære føremål å avgrense alkoholforbruket i befolkninga.

#### Føremål

Vinmonopolet har som mål å avgrense og kontrollere salet av alkohol og er eit av dei viktigaste verkemidla innanfor norsk alkoholpolitikk

AS Vinmonopolet hadde i 2009 ei omsetning på 10 957 mill kr.(eks. mva), av dette var 6013 mill. kroner alkoholavgifter. Selskapet betaler ikkje skatt til staten, men ei eiga vinmonopolavgift. Vinmonopolavgifta vart i 2009 rekna ut til å vere 20,7 mill.kr. Avgifta vert nytta til førebyggjande tiltak innanfor helse- og sosialsektoren.

Stortinget slår årleg fast at ein del av overskotet før ekstraordinære postar og etter vinmonopolavgift skal tilkome staten (i 2010 fastsett til 50 pst.). Vidare vert det kvart år utbetalt eit aksjeutbyte på inntil 5 pst. av aksjekapitalen.

#### Regulering

Vinmonopolet er eit særlovsselskap som er regulert gjennom Lov 1931-06-19 nr18: Lov om Aktieselskapet Vinmonopolet (vinmonopollova). Aksjelova gjeld i den grad vinmonopollova fastset dette.

Vinmonopollova § 3 slår fast at ”Selskapets virksomhet skal bestå i omsetning av alkoholholdige varer og av alkoholfrie festdrikker i den utstrekning som selskapet får rett til og som til enhver tid bestemmes”.<sup>84</sup>

Vinmonopollova har ingen føresegner om at AS Vinmonopolet skal ha generalforsamling, men inneheld mellom anna føresegner om oppnemning og samansetjing av styre, bedriftsforsamling og kontrollkomité.

Den sektorpolitiske reguleringa som omfattar verksemda til Vinmonopolet, er Lov 1989-06-02 nr 27 om omsetjing av alkoholholdige drikkevarer m.v.(alkohollova) og FOR-2005-06-08-538 Forskrift om omsetjing av alkoholholdig drikk<sup>85</sup> mv. Alkohollova gjev strenge føresegner om tilvirking, import og omsetjing av alkoholholdige drikkevarer. Lova inneheld forbod mot reklame, avgrensingar i salstider og føresegna om at AS Vinmonopolet kvart år skal betale ei avgift, Vinmonopolavgifta, til statskassa.

<sup>84</sup> Jf. 1931-06-19 nr 18: Lov om Aktieselskapet Vinmonopolet.

<sup>85</sup> Regulerer bl.a. Vinmonopolet sitt ansvar for kontroll.

Regulering av AS Vinmonopolet som eit statleg monopol er eit lovleg unntak i høve til EØS-avtala sine reglar om fritt varebyte. Unntaket kviler på folkehelseomsynet, dvs. argumenter knytt til dei alkoholpolitiske målsetjingane om avgrensing av alkoholforbruket.

Både alkoholavgifta, avgrensa salstider og reklameforbodet verkar avgrensande på salet, men dei er viktige verkemiddel for å nå dei alkoholpolitiske målsetjingane.

### **Tilsyn og kontroll**

AS Vinmonopolet har ein eigen kontrollkomité. Hovudoppgåvene er å føre tilsyn med styret og adm. direktør si forvaltning av selskapet, og å sjå til at kontrolloppgåvene vert utført.

Reklameforbodet vert handheva av Helsedirektoratet.

Nemnda for prøving av AS Vinmonopolet sine avgjerder om innkjøp mv. kontrollerer at alle leverandørar vert sikra marknadstilgjenge på like vilkår.

### **Finansiering**

AS Vinmonopolet finansierer verksemda si gjennom egne inntekter og får ingen form for tilskot.

Staten sin del av overskotet vert kvart år vedteke av Stortinget i samband med handsaminga av statsbudsjettet. Det vert vidare utbetalt eit aksjeutbyte på inntil fem pst. av aksjekapitalen.

### **Forvaltning av eigarskapen – eigarstyring**

Helse- og omsorgsdepartementet har utarbeidd særskilde retningslinjer for oppfølging av AS Vinmonopolet etter økonomireglementet i staten.<sup>86</sup> Retningslinjene gjev saman med vinmonopollova, selskapet sine vedtekter og instruks for styret i Vinmonopolet<sup>87</sup> ei skildring av Helse- og omsorgsdepartementet si styring av selskapet.

### **Departementet sitt styrings- og kontrollmynde**

AS Vinmonopolet vert styrt etter skriftleg instruksjon frå Helse- og omsorgsdepartementet. Styringa skjer som hovudregel gjennom det årlege styringsdokumentet som inneheld dei sektorpolitiske og økonomiske rammene for selskapet. Det foreløpige styringsdokumentet vert sendt til AS Vinmonopolet for uttale. Endeleg styringsdokument vert fastsett etter at Stortinget har gjort sitt endelege løyvingvedtak.

### **Oppnemning og samansetjing av styre**

Styret i Vinmonopolet har ni medlemmer. Samansetjinga er regulert i Vinmonopollova. Seks medlemmer og fire varamedlemmer vert oppnemnt av Kongen i statsråd. Dei andre styremedlemmene vert valde av og blant dei tilsette.

---

<sup>86</sup> Retningslinjer for Helse- og omsorgsdepartementet si oppfølging av AS Vinmonopolet etter økonomireglementet i staten (januar 2008).

<sup>87</sup> Jf. instruks for styret i AS Vinmonopolet seinast endra ved kongeleg resolusjon 29. mai 2007.

Statsråden sender brev til alle partia på Stortinget og ber om forslag til kandidatar, og for tida vert tre av medlemmene og to av varamedlemmene oppnemnt etter forslag frå partigruppene. Brevet frå statsråden nemner også kva for typar kompetanse ein ser som viktig.

Styret vert oppnemnt for ein periode på to år.

### **Oppnemning og samansetjing av bedriftsforsamling og kontrollkomité**

Bedriftsforsamlinga er ei forsamling med 21 medlemmer, og varamedlemmer. To tredjedelar av medlemmene vert oppnemnt av Kongen i statsråd. Ein tredjedel vert oppnemnt av dei tilsette.

Statsråden sender brev til alle partia på Stortinget og ber om forslag til kandidatar, og for tida vert sju av medlemmene oppnemnt med personlig varamedlemmer etter forslag frå partigruppene. Brevet fra statsråden nemner òg kva for typar kompetanse ein ser som viktig.

Kontrollkomiteen vert vald av og blant bedriftsforsamlinga sine medlemmer som vert oppnemnt av Kongen.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Styret har framleggingsplikt i saker av stor politisk interesse, og plikt til å sende over styreprotokollar. Helse- og omsorgsdepartementet skal i samsvar med styreinstruksen forelegges saker som vedkjem

- opptak av faste lån
- disposisjonar av ein slik art at dei kan medføre ansvar for selskapet utover de som følgjer av normal forretningsdrift
- saker ein kan tenkje seg må ha politiske eller prinsipielle sider av vesentleg interesse.

Styret har plikt til å sende over styreprotokollane.

### **Møte mellom eigar og verksemd**

Statsråden vitjar Vinmonopolet ein gong i året og har møte med styret og administrasjonen for diskusjon og meningsutvekslingar. Det vert i tillegg halde halvårlege kontaktmøte mellom administrerande direktør og departementet. Kontaktmøta er informasjonsmøte, og det vert ikkje gjort vedtak på desse. Departementet er representert på ekspedisjonssjefnivå.

## Innovasjon Noreg

### Generelt om verksemda

Innovasjon Noreg er eit særlovsselskap som vart oppretta gjennom Lov om Innovasjon Noreg, 19. desember 2003. Den 1. januar 2004 overtok Innovasjon Noreg oppgåvene til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), Norges Eksportråd, Statens rettleiingskontor for oppfinnarar og Norges Turistråd.

Innovasjon Noreg var heilt ut eigd av Nærings- og handelsdepartementet (NHD) fram til 31. desember 2009. Frå 1. januar 2010 eig fylkeskommunane 49 pst. av selskapet. Kvar fylkeskommune eig like store deler. Staten sin eigardel vert framleis forvalta av NHD. Innovasjon Noreg er representert i alle fylke i Noreg og har kontor i over tretti andre land. Med unntak av kontora i Vest-Europa, er alle Innovasjon Noreg sine kontor ein del av ambassadane/generalkonsulata i dei respektive land, og fungerer som deira handelsavdeling<sup>88</sup>.

Innovasjon Noreg er morselskap i eit konsern. Konsernet hadde i 2008 eit resultat på 118. mill. Overskotet kom i sin helhet frå dotterselskapet Investinor AS (tidlegare Statens investeringselskap), stifta 21. februar 2008.

### Føremålsparagraf

Innovasjon Noreg har til føremål er å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i heile landet og utløyse dei næringsmessige mogelegheitene for ulike distrikt og regionar gjennom å medverke til innovasjon, internasjonalisering og profilering.<sup>89</sup>

I strategien til Innovasjon Noreg er målsetjinga reformulert på følgjande måte: Vi utløyser berekraftige innovasjonar som gjev auka konkurransekraft og attraktive arbeidsplassar i heile landet.<sup>90</sup>

Aktivitetane til Innovasjon Noreg er i hovudsak konsentrert om fem typar tenester: Finansiering, kompetanse, rådgjeving, nettverk og profilering. Selskapet møter konkurranse innanfor ulike marknadssegment, mellom anna frå bankar som gjev lågrisikolån og frå bedriftsrådgjevarar og konsulentar, t.d. innanfor design.

### Regulering og tilsyn

Innovasjon Noreg si verksemd er regulert av Lov om Innovasjon Noreg. Forvaltingslova gjeld ikkje for selskapet, heller ikkje når det treff vedtak på vegner av staten. Kapittel IV – VI i forvaltingslova gjeld ikkje i saker som tilsette i norsk utenriksteneste handsamar for selskapet.

Finansieringsverksemdslova gjeld ikkje for selskapet, og tenestemannslova og tenestetvistlova gjeld ikkje for selskapet sine tilsette. Selskapet har utarbeidd egne etiske retningslinjer. Retningslinjene tar opp interne tilhøve, tilhøvet til nasjonal og internasjonal lovgjeving, med særleg vekt på menneskerettar, arbeidstakarrettar og

<sup>88</sup> I Vest-Europa er omfanget av Innovasjon Noreg si turistmarknadsføring så stort at det er oppretta egne kontor utanfor ambassadane for å unngå konflikt med Wien-konvensjonen.

<sup>89</sup> Jf. §1 Lov om Innovasjon Noreg og § 4 Vedtekter for Innovasjon Noreg.

<sup>90</sup> Strategi for eit tydelegare Innovasjon Noreg.

korupsjon. Retningslinene tar òg opp forretningsetikk og grip fatt i spørsmål som gildskap, personlege økonomiske interesser, gåver og økonomiske føremoner. Teieplikt, konfidensialitet og informasjon vert òg teke opp. Hovudstyret har ansvaret for ei forsvarleg organisering av selskapet og skal sjå til at verksemda, rekneskapen og formuesforvaltninga til selskapet blir tilstrekkeleg kontrollert. Hovudstyret skal føre tilsyn med administrerande direktør si leiing av verksemda.

Riksrevisjonen gjennomfører kontroll av verksemda til Innovasjon Noreg.

### **Finansiering**

Innovasjon Noreg kan finansiere verksemda si ved lån, garantiar og tilskot frå staten. Frå fylkeskommunane og andre offentlege aktørar kan selskapet finansiere verksemda si gjennom lån og tilskot. Vidare kan selskapet ha inntekter frå næringslivet og andre private aktørar.<sup>91</sup>

Det er fastsett låne-/garantirammer for lågrisikolån, landsdekkjande innovasjonslån og landsdekkjande garantiar. For den distriktsretta risikolåneordninga er det ikkje fastsett ei øvre låneramme. Mogeleheiten til å innvilge risikolån avhenger likevel av kor mykje som vert avsett til tapsfond.

Innovasjon Noreg forvaltar midlar for fleire departement, fylkeskommunane og fylkesmennene, og eig investeringsselskapet Investinor AS. Investinor investerer i form av aksjar eller ansvarlege lån på same vilkår som private investorar, i norske bedrifter som er i tidleg vekstfase – og ekspansjonsfase.

### **Eigarstyring**

Eigarane har det høgaste myndet i selskapet i føretaksmøtet. Eigarane sitt mynde i selskapet kan ikkje handhevast utanom i føretaksmøtet. I samband med endringa i eigarstrukturen i 2010, vart det vedteke at framlegg om nye oppgåver eller ein stor auke i høve til eksisterande oppgåver for Innovasjon Noreg må vedtakast i føretaksmøte med to tredjedels fleirtal. Denne avgjerdsstrukturen krev samordning både på fylkeskommunalt og statleg nivå.

NHD har ansvar for å koordinere oppdragsbreva frå dei ulike statlege oppdragsgjevarane. Det er oppretta eit departementsforum for koordinering av styringssignal mellom departementa. Forumet har jamlege møte. Det er i tillegg oppretta eit Samarbeidsforum for Innovasjon Noreg som er samansett av politisk leiing frå eigarane og oppdragsgjevande departement. Forumet skal leggje til rette for ei langsiktig strategisk utvikling av selskapet.

Oppdragsbreva til Innovasjon Noreg er relativt detaljerte, og vert oppfatta som viktige styringsreidskap. Det vert rapportert jevnleg frå Innovasjon Norge til eigarar og andre oppdragsgjevarar.

### **Styre og styret si samansetjing**

Innovasjon Noreg har eit hovudstyre på elleve medlemmer. To av dei er tilsettere representantar. Hovudstyret vert oppnemnt av føretaksmøtet og styremedlemmene tenestegjer i ein periode på fire år.

---

<sup>91</sup> Jf. § 8, Lov om Innovasjon Noreg.

Etter at den nye eigarstrukturen vart innført i 2010, er det oppretta ein valkomité og utvikla retningsliner for komiteen sitt arbeid. Det skal takast omsyn til både kompetanse og tenleg geografisk fordeling ved framlegg til samansetjing av styret. Vidare skal fire av dei ni styremedlemmene innstillast etter framlegg frå fylkeskommunane. Valkomiteen legg ned mykje arbeid i å finne gode kandidatar. Både styreleiar og administrerande direktør vert intervjuet som ein del av prosessen, og det vert lagt stor vekt på styreleiar si oppfatning om kva slag kompetanse det er trong for.<sup>92</sup>

Hovudstyret evaluerer seg sjølv. Valkomiteen får munnleg informasjon om resultatane dersom dei ber om det. Hovudstyret vel regionale styre og legg fast nærare reglar for verksemda deira.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Det er relativt lite kontakt mellom NHD og styreleiar utanom føretaksmøta: Det er kontakt med ekspedisjonssjefen og/eller departementsråden ein til to gongar i året. Det er meir kontakt mellom NHD og administrasjonen i Innovasjon Noreg. Administrasjonen i Innovasjon Noreg har òg jamleg kontakt med dei andre oppdragsdepartementa.

---

<sup>92</sup> Kjelder: Intervju med styreleiar i Innovasjon Noreg og med representantar for eigardepartementet.

## Norfund

### Generelt om verksemda

Staten sitt investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland (Norfund) er eit statleg eigd investeringsfond, oppretta ved lov av 9. mai 1997 nr. 26 om Staten sitt investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland (Norfundlova). Eigarskapen vert forvalta av Utanriksdepartementet.

Selskapet sitt føremål er regulert gjennom Norfundlova og i instruks for Staten sitt investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland (Norfundinstruksen)<sup>93</sup>.

#### **Selskapet sin føremålsparagraf<sup>94</sup>**

Fondet har til føremål å medverke med eigenkapital og annan risikokapital, og yte lån og stille garantiar til utvikling av berekraftig næringsverksemd i utviklingsland. Intensjonen er å etablere levedyktig, lønsam verksemd som elles ikkje ville vorte sett i gang på grunn av høg risiko.

Fondet kan etter nærare samtykkje forvalte andre statlege støtteordningar for næringsutvikling i utviklingsland.

Den samla investeringsporteføljen var ved utgangen av 2009 på 5,3 mrd. kroner. Fornybar energi er det største investeringsområdet til Norfund, og det utgjorde i 2009 44 prosent av den totale investertingsporteføljen. Det aller meste av energiinvesteringane skjer gjennom SN Power Invest, der Norfund eig 40 prosent av aksjane og Statkraft 60 prosent, og dotterselskapet SNP AfriCa. Fondet si verksemd er i hovudsak konsentrert om investeringar i det sørlege Afrika, Aust-Afrika, Mellom-Amerika og Aust-Asia.

Norfund vert finansiert gjennom avkastning på investeringsverksemda og ved tilskot til grunnfondskapitalen løyvd over statsbudsjettet. Overskot vert overført til eit overskotsfond og vert reinvestert. Selskapet er ikkje skattepliktig og deler ikkje ut utbyte.

Norfund har sidan etableringa i 1997 hatt ei positiv avkastning på investerte midlar. Overskotet var i 2009 på 130 mill. kroner. Selskapet hadde 41 tilsette ved utgangen av 2009.

### Regulering

Norfund si verksemd er regulert i Norfundlova og Norfundinstruksen.

Norfundinstruksen er fastsett ved kgl. res. med heimel i Norfundlova § 8<sup>95</sup>.

Selskapet sitt føremål og verkemidlar er regulert i § 1 i lova. Lova regulerer i tillegg til føremålet mellom anna òg kva for land som er kvalifiserte som mottakarar av investeringsbistand.

<sup>93</sup> Fastsett ved kgl. res. 9. mai 1997, med seinaste endringar august 2004.

<sup>94</sup> Jf. § 2 i instruks for staten sitt investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland.

<sup>95</sup> Instruksen kan endrast av Utanriksdepartementet i samråd med Finansdepartementet.

§ 2 i Norfundlova slår fast som eit viktig prinsipp at staten ikkje heftar for fondet sine skyldnader.

§ 4 i Norfundlova slår fast at *fondet skaffar seg midlar til verksemda ved tilskot frå staten*. Bruken av fondet sine midlar er nærare regulert i Norfundinstruksen, som mellom anna inneheld krav om at:

- eigenkapitalinnskott som fondet gjer i ei verksemd, normalt ikkje skal overstige 35 prosent av verksemda sin samla eigenkapital
- det skal gjennomførast ei tapsavsetning som utgjer minimum 25 prosent av den eigenkapitalen som staten har tilført.

Tilhøvet til anna lovgjeving er regulert i Norfundlova § 5. Lova fastset mellom anna at:

- forvaltingslova ikkje gjeld for Norfund. Det same gjeld enkeltvedtak som fondet fattar på vegner av staten. Forvaltingslova sine reglar om partstilknytning gjeld likevel for fondet sine tillitsvalde, tilsette og personar som utfører oppdrag for fondet.
- finansieringsverksemdslova ikkje gjeld for fondet.

Norfundlova har ingen føresegner om generalforsamling eller føretaksmøte. Føresegner om dette er heller ikkje teke inn i gjeldande instruks for verksemda.<sup>96</sup>

### **Finansiering**

Norfund fekk i 2009 eit kapitaltilskot på 585 mill. kroner, av dette var 441,25 mill. kroner til Norfunds grunnfondskapital og 143,75 mill. kroner til tapsavsetningar. Selskapet fekk i tillegg tilskot på nær 100 mill kroner til andre føremål. Vilåra for bruken av midlane, under dette prioriterte område, mål og krav til rapportering, går fram av St.prp. nr. 1 (Utenriksdepartementet) og av departementet sitt tildelingsbrev for 2009.<sup>97</sup>

Selskapet si verksemd får kvart år brei omtale i UD sin budsjettproposisjon. Proposisjonen gjer samtidig greie for Stortinget sine føresetnader når det gjeld kva for geografiske område og aktivitetar som skal prioriterast.

### **Forvaltning av eigarskapen – eigarstyring**

Norfundloven og Nordfundinstruksen definerer dei formelle rammene for departementet si eigarstyring. Omtala i budsjettproposisjonen kvart år legg samtidig eit viktig grunnlag for departementet si eigarstyring.

### **Departementet sitt styrings- og kontrollmynde**

Norfund har ikkje generalforsamling eller føretaksmøte. Styrima frå eigarposisjon skjer gjennom skriftleg instruksjon. Styrima skjer i hovudsak i det årlege tildelingsbrevet.

---

<sup>96</sup> Lova er under revisjon med sikte på endringar i dette.

<sup>97</sup> Jf. tildelingsbrev februar 2009.

**Oppnemning og samansetjing av styre**

Norfundloven slår fast at selskapet skal ha eit styre med ein leiar og to til fire styremedlemmer. Styret vert oppnemnt for ein periode på fire år. Gjeldande styre består av styreleiar og fire styremedlemmer. Dei tilsette er ikkje representerte i styret.

Det ligg ikkje føre særskilde retningslinjer om prosedyrar eller kriterium for oppnemning av styre for Norfund.

**Styret si framleggingsplikt for eigar**

Styret si framleggingsplikt er ikkje regulert særskild i Norfundloven eller Norfundinstruksen, men departementet har i det årlege tildelingsbrevet stilt krav om at styreprotokollar skal sendast både til eigardepartementet og til Riksrevisjonen.

**Møter mellom eier og virksomhet**

Det er frå og med 2009 etablert ein praksis med fire årlege kvartalsmøte. Møta vert halde på administrativt nivå i departementet. Det er i tillegg til kontaktmøta god jamleg kontakt mellom selskapet si leiing og eigardepartementet.

Kontaktmøta er informasjonsmøte og det vert ikkje gjort vedtak på desse.

## Norsk Tipping AS

### Generelt om verksemda

Norsk Tipping vart oppretta i 1947. Aksjene var då delt mellom staten, Norges Idrettsforbund og Norges Fotballforbund. Ved lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespel med vidare (pengespelloven), vart selskapet omskipa til eit heileigd statleg selskap. Aksjelova, forvaltingslova og offentlegheitslova gjeld ikkje for selskapet.

Selskapet sitt føremål er å skipe til og formidle pengespel i trygge former under offentleg kontroll. Eigarskapen vert forvalta av Kulturdepartementet. Føremålet med staten sin eigarskap er å kanalisere nordmenn si spelelyst inn mot eit moderat og ansvarleg tilbod som ikkje skaper samfunnsmessige problem.

### Vedtektene sin føremålsparagraf

Selskapet skal i tråd med spelereglane som er fastsett av departementet, skipe til og formidle pengespel i trygge former under offentleg kontroll, med sikte på å førebyggje negative konsekvensar av pengespela, samtidig som det gjennom rasjonell drift av selskapet skal leggjast til rette for at mest mogeleg av overskotet frå spela kan gå til føremål som nemnt i pengesellova § 10.

Norsk Tipping er ein dominerande aktør i den norske spelemarknaden med ein marknadsandel i 2009 på 47 prosent. Selskapet er fullfinansiert ved egne inntekter og får ikkje overføringer over statsbudsjettet.

Norsk Tipping AS er morselskap i konsern og har to heileigde dotterselskap: Fabelaktiv AS og Norsk Tipping Nettnavn AS. Konsernet hadde ved utgangen av 2009 ei samla omsetning på i underkant av 13 mrd. kroner. Årsresultat var høvesvis 3024 mill. kroner i 2009 og 3294 mill. kroner i 2008. Selskapet sitt overskot vert delt etter den såkalla "tippenøkkelen" som vert fastsett av Stortinget. Gjeldande tippenøkkel går fram av pengesellova som fordeler overskotet til idrett (45,5 pst.), kultur (36,5 pst.) og frivillige organisasjonar<sup>98</sup> (18 pst.). Inntil 0,5 pst. av overskotet skal avsetjast til tiltak mot speleproblem. Innanfor kvar del av fordelingsnøkkelen vert midla fordelt etter nærare fastsette retningsliner. Grasrotandelen på 5 pst. av spelinnsatsen vert ikkje rekna med når selskapet sitt overskot skal reknast ut.

Kulturdepartementet godkjenner rekneskapen og årsmeldinga til selskapet. Norsk Tipping AS er ikkje skattepliktig.

Konsernet hadde 360 tilsette ved utgangen av 2009.

### Regulering

Dei regulatoriske rammene for verksemda er fastsett med heimel i pengesellova.<sup>99</sup> Måla for Norsk Tipping fell saman med måla i pengespelloven.

<sup>98</sup> F.o.m. 1.1.2009.

<sup>99</sup> Jf. lov om pengespel med vidare av 28. august 1992 nr. 103 med seinare endringar.

Norsk Tipping har ein lovfesta einerett til å tilby visse typar pengespel og til å skipa lotteri ved bruk av betalingsautomatar.

Kulturdepartementet har reguleringsmynde, det vil seie at det blant anna ligg til departementet, som regulator, å fastsetje nærare reglar for dei spela Norsk Tipping forvaltar. Selskapet er underlagt Lotteri- og stiftingstilsynet sitt kontrollmynde. Alle spel må godkjennast av Kulturdepartementet.

Det er utarbeidd særskilde retningsliner for marknadsføring av statleg kontrollerte spel. Retningslinene er utarbeidd med heimel i pengespellova og fastsett ved kongeleg resolusjon.<sup>100</sup> Lotteri- og stiftingstilsynet gjennomfører jamleg evalueringar av at retningslinene er følgt. Tilsynet rapporterer til Kulturdepartementet minst to gonger i året i samband med sitt tilsynsansvar for spelverksemd i regi av Norsk Tipping.

### **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

Kulturdepartementet har fastsett felles retningsliner for eigarstyring av selskap osb. under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde. Departementet har i tillegg fastsett særskilde retningsliner for eigarstyring av Norsk Tipping AS<sup>101</sup>.

Investerings- og lånerammer vert ikkje brukt som styringsverkemiddel i høve til Norsk Tipping AS.

### **Generalforsamling**

Pengespellova inneheld ingen føresegner om gjennomføring av generalforsamling. Då vedtektene vart endra i 2005 vart det fastsett at det skal haldast generalforsamling ein gong i året. Det er i tråd med dette halde årlege generalforsamlingar i perioden 2006 - 2009.

Instruks til selskapet vert enten gjeve ved protokollert vedtak i generalforsamling eller i brev frå Kulturdepartementet<sup>102</sup>.

### **Styret og styret si samansetjing**

Norsk Tipping AS har eit styre på seks medlemmer, to av dei er valde av og blant dei tilsette. Selskapet har ikkje bedriftsforsamling.

Kulturdepartementet sine retningsliner inneheld krav om at styret må ha følgjande kompetanse:

- Kompetanse om offentleg eigarskap og kommunikasjon mellom offentleg og privat verksemd
- forretningsmessig-/bedriftsøkonomisk kompetanse
- sosialpolitisk kompetanse
- generell samfunnskompetanse.

---

<sup>100</sup> Retningsliner for marknadsføring av statlege kontrollerte pengespel, fastsett ved kgl. res. 10. juni 2005 med heimel i pengespellova.

<sup>101</sup> Retningsliner for eigarstyring av selskap mv under Kulturdepartementet sitt ansvarsområde (juli 2010).

<sup>102</sup> Vedtektene § 6.

Det vert i tillegg lagt til grunn at styret sine medlemmer bør vere samfunnsorienterte og ha kunnskap om/forståing for selskapet si samfunnsmessige rolle. Retningslinene legg til grunn at styret gjennomfører ei årleg eigenevaluering av eige arbeid.

Instruks for styret er fastsett ved kongeleg resolusjon.<sup>103</sup>

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Selskapet sitt styre er pålagt å sende Kulturdepartementet protokoll fra styremøte i høvesvis morselskapet og dotterselskapa. Styret er vidare pålagt å halde departementet informert om prinsipielle spørsmål som styret meiner har, eller som vil kunne få, vesentleg innverknad på selskapet si verksemd. Saker som ein meiner er av stor prinsipiell interesse i høve til selskapet sitt føremål og verksemd, skal takast opp i generalforsamling.

### **Eigar sine møte med styre og administrasjon**

Departementet har i tillegg til generalforsamlinga møte med selskapet sitt styre og administrasjon som det vert ført protokoll frå. Det er utover dette jamleg skriftleg og munnleg kontakt med selskapet.<sup>104</sup>

---

<sup>103</sup> Jf. instruks for styret i Norsk Tipping AS, fastsett ved kgl. res. 11. desember 1992, sist endra ved kgl. res. 6. mars 2007.

<sup>104</sup> Merknader frå Kulturdepartementet i brev av 11. mars 2009 til Riksrevisjonen.

## Dei regionale helseføretaka

Dei regionale helseføretaka vart oppretta i 2002 i samband med statleg overtaking av eigarskapen til sykehusa. Det er i dag fire regionale helseføretak. Kwart av føretaka har eit overordna ansvar for spesialisthelsetenesta i sin helseregion. Eigarskapen vert forvalta av Helse- og omsorgsdepartementet.

Dei regionale helseføretaka er organisert etter særskild lov, helseføretakslova. Helseføretakslova fastset dei rettslege rammene for organiseringa av høvesvis regionale helseføretak og helseføretak. Helseføretaka er organisert som dotterselskap under dei regionale helseføretaka.

Ei sentral målsetjing med staten sin eigarskap til regionale helseføretak er å syte for ei heilskapleg styring av spesialisthelsetenesta og god ressursutnytting for å drifte og vidareutvikle gode spesialisthelsetenester til innbyggjarane. Oppgåvene vert i all hovudsak finansiert over statsbudsjettet. Dei samla statlege løyvingane til spesialisthelsetenesta var i 2009 på vel 104 mrd. kroner<sup>[1]</sup>.

Finansieringa av spesialisthelsetenesta skal støtte opp under dei regionale helseføretaka sitt syte-for-ansvar. Regionale helseføretak får inntektene sine gjennom statlege basistilskot og aktivitetsbaserte tilskot. Finansieringa av spesialisthelsetenesta går føre seg i fleire trinn. Staten overfører pengar til dei regionale helseføretaka, som har eit sjølvstendig ansvar for å nytte desse midla til å finansiere egne helseføretak og private verksemder.

Fordelinga av grunnløyvingane vert mellom anna bestemt ut frå innbyggjarane si alderssamansetjing og ulike sosioøkonomiske kriterium. Fordelinga av de samla løyvingane (2009) på kvart av dei regionale helseføretaka går fram av oversikta nedanfor.<sup>[2]</sup>

Helse- og omsorgsdepartementet styrer dei regionale helseføretaka gjennom lov, vedtekter, føretaksmøte og oppdragsdokument. I oppdragsdokumentet vert løyvinga frå Stortinget stilt til rådvelde for dei regionale helseføretaka. Det vert knytt vilkår til løyvinga, og styringskrav til pasientbehandling, undervisning, forskning og opplæring. I føretaksmøtet vert det gjeve økonomiske og organisatoriske styringskrav. I tillegg vert det utnemnt styremedlemmer osb. I oppdragsdokumentet og foretaksprotokollen vert det gjeve styringskrav utanom det som er regulert i lover og forskrifter.

**Helse Midt-Norge RHF** har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. Helse Midt-Norge RHF eig fem helseføretak. Føretaksgruppa sysselsette ved utgangen av 2009 ca. 13 785 årsverk. Driftsinntektene i 2009 var på rundt 14 687 mill. kroner. Løyvinga over statsbudsjettet var på 13 670 mill. kroner.

**Helse Nord RHF** har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Nordland, Troms og Finnmark og på Svalbard. Helse Nord RHF eig fem helseføretak.

---

<sup>[1]</sup>Kilde: HOD. Tala er bygd på saldert budsjett.

<sup>[2]</sup>Dei refererte tala er rekneskapstall for 2009 i tråd med staten si eigarmelding.

Føretaksgruppa sysselsette ved utgangen av 2009 ca 12 275 årsverk. Driftsinntektene i 2009 var på rundt 12 194 mill. kroner. Løyvinga over statsbudsjettet var på 11 502 mill. kroner.

**Helse Sør-Øst RHF** har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder. Helse Sør-Øst RHF er den største helseregionen i landet med 56 prosent av innbyggjarane i Noreg som sitt opptaksområde. Helse Sør-Øst RHF eig elleve helseføretak. Føretaksgruppa sysselsette ved utgangen av 2009 ca. 54 979 årsverk. Driftsinntektene i 2009 var på rundt 56 416 mill. kroner. Løyvinga over statsbudsjettet var på 52 689 mill. kroner.

**Helse Vest RHF** har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Helse Vest RHF eig fem helseføretak. Føretaket eig i tillegg aksjeselskapet Helse Vest IKT AS. Føretaksgruppa sysselsette ved utgangen av 2009 ca 17 288 årsverk. Driftsinntektene i 2009 var på rundt 18 852 mill. kroner. Løyvinga over statsbudsjettet var på 17 869 mill. kroner.

### Regulering

Dei regionale helseføretaka vert regulert med heimel i helseføretakslova og anna lovgjeving, under dette spesialisthelsetenestelova, pasientrettslova og psykisk helsevernlova.

I Helseføretakslova sin føremålsparagraf vert det slått fast følgjande mål for lova, dei regionale helseføretaka og helseføretaka, jf. boksen nedanfor.

#### **Føremålsparagrafen i helseføretakslova**

Lova sitt føremål er å medverke til å oppfylle dei målsetjingane som er nedfelt i spesialisthelsetenestelova § 1-1 og pasientrettslova § 1-1, ved

1. at det vert oppretta regionale helseføretak som etter eigar sine retningslinjer skal planleggje og organisere spesialisthelsetenesta og leggje til rette for forskning og undervisning
2. at det vert lagt til rette for at dei regionale helseføretaka skal organisere sykehusa sine og andre helseinstitusjonar som helseføretak

Helseføretaka sitt føremål er å yte gode og likeverdige spesialisthelsetenester til alle som treng det når dei treng det, uavhengig av alder, kjønn, bustad, økonomi og etnisk bakgrunn, og å leggje til rette for forskning og undervisning.

Helsedirektoratet er fagorgan og myndeorgan på helsetenesteområdet. Direktoratet er underlagt Helse- og omsorgsdepartementet.

Statens helsetilsyn har det overordna faglege tilsynet med helsetenesta og har overordna mynde for klager som gjeld manglande oppfylting av rettar. Tilsynet er underlagt Helse- og omsorgsdepartementet.

## **Finansiering**

Dei økonomiske rammene for dei regionale helseføretaka vert kvart år fastsett i statsbudsjettet.

Det helsepolitiske oppdraget og vilkåra for bruk av løyvde midlar går fram av det årlege oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet.

## **Forvaltninga av eigarskapen – eigarstyring**

Helse- og omsorgsdepartementet har utarbeidd felles retningslinjer som skildrar Helse- og omsorgsdepartementet si eigarstyring av dei regionale helseføretaka. Eigarstyringa er bygd på gjeldande lovgrunnlag og føretaka sine vedtekter.

Vedtektene for dei regionale helseføretaka er utforma etter same mal. Vedtektene slår i § 6<sup>[3]</sup> fast at føretaka skal oppfylle dei sektorpolitiske målsetjingane slik dei kjem fram i helse, forskings- og utdanningspolitiske vedtak og planar. Vedtektene slår vidare fast at føretaka skal drivast innanfor dei mål, resultatkrav og rammer som er fastsett gjennom vedtekter, avgjerder teke i føretaksmøte, tildelte løyvingar og vilkår knytt til løyvingsvedtak.

## **Styresmaktene sine oppgåver og ansvarsfordeling i departementet**

Helse- og omsorgsdepartementet sine oppgåver knytt til forvaltninga av eigarinteressene er administrativt lagt til Eigaravdelinga. Forvaltninga av tilskots- og mynderolla vert i hovudsak tatt hand om av Spesialisthelsetenesteavdelinga.

## **Føretaksmøte**

Eigarstyringa av dei regionale helseføretaka skjer i føretaksmøte.

Det vert halde eit føretaksmøte i januar kvart år der styrings- og prestasjonskrav på økonomi- og organisasjonsområdet vert fastlagd av eigar. Vidare vert det halde føretaksmøte kvart år innan utgangen av juni for å fastsetje årsrekneskap og årsmelding, og for å handsame ei årleg melding om verksemda i tråd med § 34 i helseføretakslova. Ytterlegare føretaksmøte vert halde når det er trong for det.

## **Styret og styret si samansetjing**

Det er Helse- og omsorgsdepartementet som oppnemner styra for dei regionale helseføretaka, medan dei regionale helseføretaka oppnemner styra i dei underliggjande helseføretaka sine. Styra er sett saman av styremedlemmer som er oppnemnt av eigar og styremedlemmer som er valde av dei tilsette.

Sitjande styre i Helse Sør-Øst RHF har elleve medlemmer som er oppnemnt av eigar og fem medlemmer som er vald av og blant dei tilsette. Styra for Helse Midt-Norge RHF, Helse Nord RHF og Helse Vest RHF har tretten medlemmer, av desse er ni oppnemnt av eigar og fire er vald av og blant dei tilsette.

Styremøta er opne for ålmenta.

---

<sup>[3]</sup> Jf. vedtektene sin § 6, 1. avsnitt.

Sidan 2006 er det stilt krav om at eit fleirtal av styremedlemmene som vert oppnemnt av eigar, skal oppnemnast blant folkevalde kandidatar, basert på framlegg frå fylkeskommunane, kommunane og Sametinget.

Helse- og omsorgsdepartementet har utarbeidd moment for kva for kriterium og kompetansekrav ein bør leggje vekt på når styret skal oppnemnast og setjast saman. Kompetansekrava omfattar mellom anna at kandidatane må ha innsikt i styrearbeid, omstillingsprosessar, organisasjonsutvikling, økonomi, jus og teknologi. Det vert i tillegg stilt krav om brei politisk og samfunnsmessig forståing, innsikt i pasientane sine interesser, forskning og utdanning, og god kjennskap både til spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta<sup>[4]</sup>.

### **Styret si framleggingsplikt for eigar**

Generelt gjeld det at saker som etter lov, forskrift eller vedtekter høyrer inn under foretaksmøte, skal handsamast i foretaksmøte. Vedtektene §9 slår særskild fast<sup>[5]</sup> at føretaksmøte skal treffe vedtak i alle saker som ein meiner har vesentleg eller prinsipiell interesse, under dette

- utskiljing av større delar av verksemdar
- deltaking i omfattande samarbeid eller vesentlege endringar i dette
- omfattande endringar i tenestetilbodet.

Vedtak om sal og pantsetjing av fast eigedom og sal av sykehusverksemd skal treffeast av føretaksmøtet (helseføretakslova § 30).

### **Vedtektsfestande avgrensingar om høve til å ta opp lån**

Det er oppretta eigne statlege låneordningar både for kortsiktige lån (driftskredittar) og langsiktige lån (til investeringsføremål) som Helse- og omsorgsdepartementet tar hand om. Lån – både korte og lange – vert gjeve som ordinære løyvingar gjennom statsbudsjettet. Øvre rammer for låneopptak er vedtektsfesta i føretaka sine vedtekter.

### **Melding til departementet**

Vedtektene (§15) slår fast at styret innan 1. mars kvart år skal sende ei melding til departementet som omfattar styret sine plandokument for verksemda og styret sin rapport for tidlegare år (jf. helseføretakslova § 34). Plandokumentet er ein del av vurderingsgrunnlaget for når statsbudsjettet for kvart enkelt år skal handsamast. Styret sin rapport frå tidlegare år skal vise korleis pålegg og føresegner som er gjeve i foretaksmøtet eller sette som vilkår for løyvingar, er følgt opp.

### **Eigar sine møte med styre og/eller administrasjon utanom foretaksmøta**

Møte vert halde etter behov. Møte som er halde utanom foretaksmøta har i stor grad vore oppfølgingsmøte knytt til økonomistyring og kontroll av bruken av statlege midlar.

---

<sup>[4]</sup>Jf. brev frå departementet 10.11.2009 om nye styre til dei regionale helseføretaka – forslag til kandidatar.

<sup>[5]</sup>Jf. òg foretakslova § 30.